

# Årsmelding Noregs Mållag

## 2008-2009

NOREGS
MÅLLAG

*Mange røyster*
*– felles mål*

Form: Erik Bolstad
Sats: Kjartan Helleve
Grafiske element: Øystein Vidnes
Tykk: Arkan kopi og digitaltrykk

# Innhald


**Føreord** 4
**Leiar** 5

*Målpolitiske arbeidsfelt*

**Nynorsk oppvekst** 7
Barnehage 7
Grunnskule 7
Skulemålsrøystingar 8
Parallellklassane 8
Ungdomskulen/vgs 8
Lærarutdanninga 9
Nynorskopplæring for vaksne innvandrarar 10
Læremiddel 10
**Media og informasjonsteknologi** 11
Riksavisene 11
Region- og lokalavisene 11
Fjernsyn 12
Dei nynorske mediedagane 12
Nynorsk redaktørpris 12
Reklame 12
Programvare 12
Språkteknologi 13
Internett 13
**Næringsliv** 13
Næringslivspris 14
**Kultur og kulturpolitikk** 14
Litteratur 14
Film 14
Musikk 15
**Offentleg målpolitikk og målbruk** 15
Ny offentleg språkpolitikk 15
St.mld.35: Mål og meining 16
St.mld.23: Språk bygger broer 17
St.mld.11: Læreren – rollen og utdanningen 17
Offentleg målbruk 17
**Talemål og skriftmål** 17
Høyring om dokument 8:59 (2007-2008) Stadnamnlova 17
**Internasjonalt arbeid** 18

*Samskipnaden*

**Lag og medlemer** 19
Lokallag, fylkeslag og yrkesmållag 19
Studiearbeid og leiartrening 19
Leiartreningsseminar 20
Nytt nedlemsregister 20
Haustseminaret 20
Verveing og vervetiltak 21
Nytt om nynorsk 21
Materiellproduksjon 21
Oranisasjonsinitiativ 21
Rolf Theil-turné 22
Landsmøtet 22
Midlar til styrking av organisasjonen 23
**Informasjons- og mediearbeid** 23
Mediedekking på LM 23
Norsk Tidend 24
Heimesidene 24
Pressemeldingar 24
Debattinnlegg 25
Presseoppslag 25

*Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde*

Heiderslagsmedlemer 27
Styret og arbeidsutvalet 27
Landsrådet 27
Valnemnda 27
Skrivarstova 27
Nemnder og utval 28
Reiseverksemda 29

*Økonomi*

**Økonomiarbeidet** 33
**Kommentar til rekneskapen** 33
Rekneskap 36
Balanse 37
Kulturlotteriet 38
Inga og Gjøa Lutros legat 38
Fondet for norsk målreising 38
Revisormeldingar 40

*Norsk Målungdom*

Melding frå arbeidsåret 42

*Nærskylde tiltak*

Dag og Tid 43
Det Norske Samlaget 43
Det Norske Teatret 43
Folkekulturforbundet 44
Kringkastingsringen 45
Landsamanslutninga av nynorskkommunar 45
Magasinett 45
Noregs Ungdomslag 45
Norsk Barneblad 46
Norske Lagsbruk 46
Nynorsk kultursentrum 46
Nynorsk mediesenter 47
Stiftinga Pirion 48
Stiftinga NPK 48

*Vedlegg og statistikk*

Nynorsk skulemål 1930-2008 49
Skulemålet i alle fylka 2003-2008 50
Skulemålsrøystingar 1992-2008 51
Lag og medlemstal 53

# Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2008/2009 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 15. mars 2008 – 12. mars 2009. Dei siste vekene fram til landsmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2008. Sjukefråveret har vore 118 dagsverk, noko som utgjer 8,6 prosent. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2008 gjekk med eit lite underskot etter ei planlagd investering i medlemsregister. Det økonomiske grunnlaget for drifta i åra frametter, er det beste.

Årsmeldinga er ein rapport for det fyrste året i det nye treårige arbeidsprogrammet for 2008-2011 som landsmøtet i 2008 vedtok. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer, og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yte rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danne grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag om arbeidet sitt til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Oslo, 9. mars 2009

Hege Myklebust (leiar)    Håvard B. Øvregård (nestleiar)    Bente Riise    Olav Kuvås
Jon Todal    Aud Søyland    Jens Kihl    Gudrun Kløve Juuhl (1. vara)
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



***Styret i Noregs Mållag 2008-2009*** *Frå venstre: Bente Riise, Jens Kihl, Gudrun Kløve Juuhl (1. vara), Håvard B. Øvregård (nestleiar), Hege Myklebust (leiar), Jon Todal, Aud Søyland, Olav Kuvås*

# Leiar

**ARBEIDSÅRET ME HAR BAK OSS** har vore prega av at det for første gong har vorte utarbeidd ein overordna norsk språkpolitikk frå offentlege styremakter. Kulturdepartementet har arbeidd hardt og lenge med stortingsmeldinga *Mål og meining*, som vart lagd fram i juni. Heile målrørsla venta spent på meldinga, og me fann grunn til å vere godt nøgde med den analysen av språkstoda som departementet gjev. I meldinga kjem det fram at det er norsk språkpolitikk at nynorsk og bokmål skal vere jamstelte på alle samfunnsområde, og at dersom denne jamstellinga skal verte reell, må nynorsken diskriminerast positivt. Det vert òg sagt at alle offentlege etatar har ansvar for å få gjennomført den norske språkpolitikken, og at det skal takast omsyn til språk når det vert laga politikk på andre område. Her vert det òg slege fast at det må takast særleg omsyn til nynorsk. Språkpolitikken som *Mål og meining* legg opp til, er heilt i tråd med det som målrørsla har arbeidd for i generasjonar, og det må seiast å vere eit stort framsteg når dette dokumentet truleg blir vedteke i Stortinget i april 2009. Spørsmålet me har stilt oss i denne prosessen er likevel om det er vilje og evne til å gjennomføre politikken når han først er vedteken. Meldinga manglar ein del på tiltakssida, og trongen for ei sterk og handlekraftig målrørsle er minst like stort no når politikken skal setjast ut i livet.

Stortingsmeldinga *Språk bygger broer* vart lagd fram før *Mål og meining*, og tok føre seg språkopplæringa i skulen. Meldinga er klår på at alle elevar med norsk læreplan skal lære både nynorsk og bokmål i skulen, men me i målrørsla sakna ei forståing for kva som trengst for at det skal skje. Mellom anna vart problemet med manglande læremiddel på nynorsk svært overflatisk og lett behandla i meldinga.

Begge stortingsmeldingane slår fast at det manglar kunnskap om stoda til nynorsken i samfunnet, og dette har vore eit hovudinnspel frå Noregs Mållag til både Kunnskaps- og Kulturdepartementet; Det må øyremerkjast midlar til forsking på nynorsk i samfunnet – i opplæringa, i arbeidslivet og i det offentlege. Berre dersom me får god dokumentasjon på korleis stoda for nynorsken er i dag, kan me leggje ein plan for korleis me best kan auke statusen og utbreiinga slik at målet om full jamstelling kan nåast.

På landsmøtet i 2008 vedtok Noregs Mållag eit nytt treårig arbeidsprogram. Programmet var annleis i strukturen enn tidlegare, og delte opp arbeidsoppgåvene våre etter tre geografiske kategoriar; nynorsk fleirtalsområde, 50/50-land og bokmål fleirtalsområde. I programmet heiter det at "Noregs Mållag ynskjer å påverka individuelle og kollektive val på eit vis som fører til auka bruk av nynorsk i *heile landet*: Fleire nynorskbrukarar, fleire målfolk, fleire som er glade i nynorsken". Inndelinga i ulike område er grunngjeve med at stoda for nynorsken er ulik i ulike område, og at det dermed er ulike tiltak og oppgåver som trengst for å styrkje nynorsken.




Arbeidsprogrammet slår vidare fast at det er viktig å satse på organisasjonsbygging, særleg i dei nynorske kjerneområda. Eitt av tiltaka me gjennomførte for å følgje opp dette punktet, var eit samarbeid med vinnarane av fjorårets målpris og resten av gjengen bak *Vestlandsrevyen*, då desse la ut på turné. Våre lokallag reklamerte aktivt for revyen ved å dele ut flygeblad på alle spelestadene, og møtte deretter opp på kvar framsyning og delte ut eigne verveflygeblad som gav publikum på revyen eit særs gunstig tilbod på medlemskap. Me var til stades på kring 20 framsyningar, og verva kring 100 nye medlemer på tiltaket. Revyen førte òg med seg ei generell positiv merksemd kring nynorsken dei stadene han vart vist. I tillegg har me prøvd å tenkje på nynorskområda når me har reist på lagsvitjingar, og turneen med Rolf Theil om all verdas språk, vitja òg mange stader med nynorsk fleirtal.

Nynorsk i skulen er elles ei sak som står høgt på prioriteringslista vår no som før. Skulestart kom og gjekk utan at stoda for nynorske læremiddel var særleg betra i høve til tidlegare år. Me tok opp problemet med kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell då han vitja landsmøtet vårt i 2008. Statsråden lova å ordne opp i problemet, men ville ha hjelp av målrørsla til å kartleggje stoda. Me sette ned ei eiga læremiddelnemnd og tilsette ein kampanjesekretær som skulle finna ut kva bøker og andre læremiddel som ikkje kom på nynorsk til skulestart, men

det var svært vanskeleg å få eit fullstendig bilete av stoda. Informasjonen me fekk frå forlaga var ufullstendig og dels feil, men det vart etter kvart tydeleg at det var særleg på yrkesfagleg studieretning problema låg. Ein av grunnane til dette er at støtteordninga for å få gjeve ut bøker i små fag ikkje fungerer godt nok. Det er for lite pengar, og for uføreseieleg kva læremiddel som faktisk vil få støtte. I haust kom regjeringa på banen med ei ekstraløyving på seks millionar kroner til nynorske læremiddel, og dei har tydeleggjort ansvaret til skuleeigaren. I vår kom òg framlegg til endringar i forskrifta til opplæringslova som målrørsla lenge har etterlyst. Endringane presiserer at kravet om parallellutgåver gjeld alle læremiddel, også dei digitale. Diverre nyttar dei høvet til å ta ut av forskrifta kravet til parallellutgåver av kontorstøtteprogram, noko me har protestert på i vår høyringsuttale. Me har fylgt opp læremiddelsaka overfor både Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet, og hatt fleire møte med begge.

I næringslivet ser me at stadig fleire nyttar nynorsk i marknadsføringa, og ser fordelar med dette. Eit godt døme er vinnaren av nynorsk næringslivspris 2008, Kari Traa. Det er difor eit vonbrot når ei tradisjonsrik sameigeverksemd som Tine vel å kutte ut TineMjølk-logoen på all søtmjølka si frå sommaren 2009. Me har vore i fleire samtalar med Tine om dette, og kjempar i skrivande stund framleis for å få omgjort dette vedtaket.

Det har vore ei store glede å reise rundt i organisasjonen og møte alle lokallaga som driv med sine store og små målprosjekt rundt i landet. Me har mange dyktige, kreative og engasjerte folk i laga våre, og det er her det verkeleg viktige målarbeidet går føre seg. Eg takkar kvar og ein for den innsatsen de har gjort i dei tre åra eg har vore leiar – det er ei glede å kunna levere stafettpinnen vidare, og vite at 103-åringen Noregs Mållag framleis er sterk og vital.

Hege Myklebust

# Målpolitiske arbeidsfelt

## *Nynorsk oppvekst*

**BARNEHAGE** Til no har målrørsla arbeidd ut frå dogmet om at språket i skulen legg premissane for språket utanfor skulen. Etter den enorme auken av tekst i samfunnet siste tiåra, er det rimeleg å hevde at språket utanfor skulen vel så mykje legg premissane i dag for språket i skulen. Sameleis har trarderinga av skriftkulturane teke til lenge før skulestart: Sumaren 2008 gav Kunnskapsdepartementet ut eit hefte kalla «Sammenhengen barnehage-skole». Her syner departementet korleis barnehagane alt har og kan han ei viktig rolle for den fyrste lese- og skriveopplæringa. Nett skiljet mellom faktisk språkopplæring i barnehagen og barneskulen, har vore ei avgjerande årsak til fleire av folkerøystingane om opplæringsmålet på nynorskskular siste åra. I året som har gått, har Noregs Mållag og lokal- og fylkeslag teke opp denne stoda med så vel barnehagestyrarar som politiske organ i kommunane. Oftast viser det seg at problemstillinga er mest ukjend for politikarane. Det bør verte ei sentral oppgåve for heile rørsla frametter å lyfte denne saka mykje høgare opp på saklista til både barnehagane og politiske organ i kommunane.

**GRUNNSKULE** Knapt noko emne er meir framme i det politiske ordskiftet enn skulen. Styresmaktene legg jamt fram «reformer» for å bøte på eventuelle veikskapar. I 2008 viste styresmaktene røynleg vilje til å ta stoda for nynorsken i skulen på alvor i dei to sentrale dokumenta *Mål og Meining* og *Språk bygger broer*. Her peikar styresmaktene på kva vilkår så vel nynorskelevar som bokmålselevar har for å lære nynorsk. Desse dokumenta kan gje eit godt grunnlag for nynorskvokster i skulen.

Talet på nynorskelevar har gått litt attende. Til dømes minka talet på nynorskelevar i dei fire vestlandsfylka med snaue 1300 elevar. Det har ikkje vore folkerøystingar i desse fylka. Difor er det rimeleg å tru at det er demografiske årsaker som verkar inn. Like fullt bør me rekne med at målbyte frå nynorsk til bokmål òg er ei viktig årsak. Jamvel om talet på nynorskelevar i dag er 20 000 fleire enn for 25 år sidan, søkk prosenten jamt. Den viktigaste årsaka til prosentnedgangen er den store auken i talet på elevar i Oslo og Akershus: Sidan slutten av 1900-talet er 40 % av fødde born i Noreg komne til i desse to fylka.

Etter at det såkalla «osloforsøket» vart gravlagt i 2007, har det vore lite offensive åtak på nynorsk som sidemål. Eit viktig unnatak er at Elevorganisasjonen har skift standpunkt og er mot obligatorisk sidemål – det er ei viktig oppgåve å få dei til å snu i denne saka. Dei positive sidemålsforsøka held fram og ikkje minst Nynorsksenteret har drege i gang ei rad nye og spanande tiltak. Det mest alvorlege åtaket mot sidemålsordninga no, er ordninga med fritak frå sidemålskarakter for såkalla framandspråklege elevar. I røynda tek denne ordninga frå desse elevane sjansen til å lære båe måla. Det er dårleg språkpolitikk og det er svært tvilsam integreringspolitikk. Dei aller fleste elevane som «vert tilbydde» fritak frå sidemålskarakter, er norske ungdomar: fødde i Noreg og snakkar norsk likså godt som andre ungdomar. Men har dei minst éin forelder som er fødd i utlandet, får dei «tilbod» om å sleppe karakter i sidemål. Dette gjeld mange tusen elevar i Noreg og er eit svært alvorleg åtak mot nynorsk.

Våren 2008 hadde avgangselevane for fyrste gong éin dags norskeksamen. Så vel målrørsla som elev- og lærarorganisasjonar protesterte mot ord-

*Den meirverdien det representerer for norsk kultur- og samfunnsliv å halda begge dei to skriftkulturane våre i hevd, er langt større enn dei praktiske utfordringane som følgjer med.*
St.meld.nr. 35 Mål og meining

ninga. Trass i alle velmeinte grunngjevingar for å redusere norskeksamen frå to dagar til éin dag, var denne endringa i realiteten ei svekking av statusen til nynorsk i skulen. Hausten 2008 vart den nye eksamensordninga evaluert. Kunnskapsdepartementet konkluderte med at ordninga ikkje var god, og har inn til vidare valt å gå attende til den gamle ordninga med å gjennomføre eksamen i nynorsk i bokmål over to dagar. Mållaget er glad for å ha vunne fram i ei sak vi har arbeidd mykje med, og som vi meiner er avgjerande for ei god avslutting på norskopplæringa i ungdomsskulen. Ordninga vi har slåst for, vert innført alt frå våren 2009.

**SKULEMÅLSRØYSTINGAR** Det har vore to folkerøystingar om skulemålet i 2008, båe i Notodden: Gransherad og Rygi skular hadde røysting og båe stadene vart det stort fleirtal for bokmål. Frammøteprosenten var 10 % på Rygi og 13 % på Gransherad. Båe stadene var det foreldre som dreiv fram røystingane. Dei la særleg vinn på at borna ikkje talar dialekt lenger, men svært bokmålsnært «bymål». Trass i at mange bygdeskular i Notodden inntil nyleg har hatt nynorsk som vedteke opplæringsmål, har mange av skulane i praksis gjeve bokmålsopplæring. Viktigaste årsaka til dette er den absurde ordninga i opplæringslova som gjev foreldre rett til å velje lærebøker for borna sine på eit anna mål enn det språket dei lærer. I Notodden har dette ført til at elevane har lærebøkene på bokmål, medan undervisninga skal vere på nynorsk. Skulane har i røynda valt å tenkje på elevane framføre lova, og dermed gjeve bokmålsopplæring.

I Etnedal var det opptak til røysting på Etnedal skule, men eit samrøystes kommunestyre avviste å halde folkerøysting.

Trass i det låge talet på folkerøystingar, veit me at mange nynorskskular, særleg i randsonene, er utsette for bokmålsåtak. Jamvel om skulane har nynorsk som vedteke opplæringsmål, er det mange stader slik at vilkåra for å vere ein røynleg nynorskskule, ikkje vert stetta. Noregs Mållag har i samarbeid med lokallag byrja arbeide aktivt andsynes kommunar for å styrkje vilkåra for desse nynorskskulane. I åra som kjem, vil dette arbeidet verte endå viktigare.

**PARALLELLKLASSANE** Dei siste åra har den dramatiske endringa i skulen, frå klasse til «gruppe», fått store fylgjer for parallellklassane. I opplæringslova heiter det at «undervisninga kan organiserast etter behov». Det tyder at kommunen og skulen har suveren makt til å definere kva «behov» skulen har. I praksis har dette ført til at kommunane freistar spare pengar ved å blande elevar med ulikt opplæringsmål. Det fører igjen til at foreldre kvir seg for å velje nynorsk for borna sine. Tidlegare var Stavanger og Sandnes mest som kjerneområde for nynorske parallellklassar å rekne – no er det knapt nynorskklassar att her, og foreldra seier beint fram at dei ikkje ser meining i å velje nynorsk for borna med desse vilkåra. Interessa og arbeidet for nynorskparallellar er framleis til stades, men vi ser også at dei dårlege rammevilkåra har ført til færre initiativ enn før.

Ein viktig siger i arbeidsåret kom nettopp i Sandnes. Sandnes Mållag har i fleire år halde ein seig kamp mot kommunen for at foreldra skal få utlevert lister over born som skal ta til på skulen. Den striden vart krona med siger: Fylkesmannen i Rogaland vedtok at Sandnes Mållag har rett til å få lista over *alle* elevane i kommunen som skal byrje på skulen. Det vil seie at lokallag og foreldre alle stader i Noreg kan få dette, og dermed er sjansen for å informere foreldra styrkt monaleg. Noregs Mållag og lokallaga bør setje i verk storstilte informasjonskampanjar andsynes foreldra framover. Jamvel om der er røynlege problem, m.a. at kommunane freistar undergrave nynorske parallellklassar gjennom blanding av nynorsk- og bokmålselevar, veit me at vilkåra i dag er betre enn før: Småbarnsforeldre i dag har eit mykje meir avslappa syn på målstoda enn generasjonen før. Toleransen for ulikskap og mangfald er mykje større og dette kan gje opningar for eit meir positivt syn på å velje nynorsk som fyrste opplæringsmål. Denne opninga bør me utnytte fullt ut. Eit anna vilkår for å auke talet på nynorske parallellklassar, er formidlinga i barnehagane.

**UNGDOMSSKULE/VIDAREGÅANDE SKULE**
Den førre regjeringa gjorde nokre strukturgrep som svekte statusen til nynorsk i skulen. Viktigast var å gjere sidemål til trekkeksamen på vidaregåande og redusere talet på eksamensdagar for 10.klasse frå to dagar til éin dag. Jamvel om ungdomsskulen skal ha to dagar norskeksamen att frå 2009, er ordninga med trekkeksamen på vidaregåande eit alvorleg trugsmål mot sidemålsordninga. Like fullt gjorde Bondevik II-regjeringa opptak til å styrkje nynorsken i skulen med: Alt i stortingsmeldinga «Kultur for læring» byrja dåverande statsråd Kristin Clemet å sjå på målbyte som eit reelt problem. Stoltenberg II har fylgt opp, og dermed har målbyte vorte lyft opp til å verte eit politisk spørsmål. Det har opna

## FOLKERØYSTINGAR OM SKULEMÅL 2008 – 2009

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 011008 | Rygi | Notodden | 1400 | 15 | 134 | Bokmål |
| 011008 | Gransherad | Notodden | 700 | 35 | 65 | Bokmål |



***LE ELLER GRINE?** Jens Kihl og Hege Myklebust veit ikkje om dei skal le eller grine av at det gjekk endå ein haust utan at det ordna seg med å få alle nynorske lærebøkene klare til skulestart. (Foto: Hege Lothe)*

for at målrørsla meir aktivt kan byrje samarbeide med skulane og kommunane om å minke talet på elevar som byter frå nynorsk til bokmål. På Sandnes vgs vedtok skulen at elevane i 1. klasse skulle ha lærebøkene i fleire fag einast på nynorsk. Eit bra tiltak som bør utvidast då elevane frametter skal ha gratis lærebøker.

I Valdres har Valdres Mållag saman med Noregs Mållag og lokallaga gjort opptak til eit storstilt prosjekt for å stogge målbytet hjå elevane. Unnateke nokre skular i Nord-Aurdal og Sør-Aurdal, er alle skulane i Valdres nynorskskular. Talet på elevar som byter frå nynorsk til bokmål på vidaregåande er veldig høgt. Prosjektet skal gå over fleire år, og ein grunnleggjande premiss er å drage med seg dei politiske organa i kommunane og like eins offentlege institusjonar. Dette er eit pilotprosjekt som vonleg kan verte brukt andre stader med.

Seinhaustes 2008 gjekk fiskeri- og kystminister Helga Pedersen ut i media og meinte at det måtte vere rom for å velje mellom samisk og nynorsk i dei samiske områda. Mållaget har fylgt opp saka både gjennom media og i direkte dialog med ministeren. Me har peika på at elevar som fylgjer samisk læreplan, alt har denne retten i dag. Elevar som fylgjer norsk læreplan, bør ikkje få rett til å kunne velje samisk som "sidemål" i staden for nynorsk når dei tek til i ungdomsskulen. Tida til sidemålsundervising i ungdomsskulen er lita, og det ville etter vårt syn føre til at desse elevane korkje lærer samisk eller nynorsk. I framlegget til nytt partiprogram for Arbeidarpartiet står det berre at dei vil arbeide for *at skoleelever i de samiske områdene skal kunne velge samisk i stedet for sidemål*. Vi er uroa for at viktige skilje mellom elevar med norsk og samisk læreplan her ikkje er tekne omsyn til.

**LÆRARUTDANNINGA** I 2009 er det sett av 119 millionar kroner til etterutdanning av lærarar. Styret i Mållaget sende i mars eit innspel til Kunnskapsdepartementet der vi bad dei om å fylgje opp trongen for meir kunnskap i å undervise i nynorsk, og særleg i metode og didaktikk for undervisning i nynorsk som sidemål.




*NY STIL Norsk Barneblad gjekk gjennom eit hamskifte og kom ut som ein fargerik sommarfugl. Den nye bladbunaden var eit samarbeid mellom studentar ved Norges Kreative fagskole og redaksjonen i Norsk Barneblad.*

Mållaget grunngjev prioriteringa med den mangelfulle kunnskapen på dette feltet, som både lærarstudentar og lærarar sjølve peikar på i ulike samanhengar.

**NORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR**
I arbeidsåret har Noregs Mållag vorte kontakta av mange vaksne innvandrarar som fortel at dei ynskjer å lære nynorsk, men manglande læremiddel fører til at dei berre får tilbod om lære bokmål. Jamvel nynorskvenlege lærarar og rektorar på vaksenopplæringa i Kvinnherad ynskjer ikkje lære bort nynorsk før dei har mange og gode nok læremiddel. I Vågå gjekk ordføraren hardt ut og kravde at staten straks tek grep og skaffar dei læremidla som trengst. Denne saka er svært viktig av di talet på vaksne innvandrarar som skal lære seg norsk, vil auke mykje i åra som kjem. Det er òg ei prinsipielt viktig sak: Alle vaksne innvandrarar, same kvar dei bur i landet, skal ha rett til å lære båe språka.

**LÆREMIDDEL** Dette har vore ei viktig arbeidsoppgåve siste året. Skulereforma som har ført til ny produksjon av læremiddel i dei fleste faga, har som vanleg gjort ei rekkje nynorskbøker forseinka. Eit viktig framsteg har det likevel vore at skuleeigar (fylkeskommunane) har måtta rapportere om arbeidet sitt for å sikre at dei berre bruker lovlege læremiddel ved skulane sine. Denne rapporteringa og engasjementet frå departementet har kome etter sterkt press frå eit samla nynorskmiljø, der særleg Mållaget, Norsk Målungdom, Samlaget, Nynorsk kultursentrum og Landssamanslutninga av nynorskkommunar har vore sterkt involverte.

På landsmøtet i Stavanger i 2008 var kunnskapsministeren hovudinnleiar. Han melde om stor omsut for nynorskelevane og ville gjere det han kunne for at læremiddelstoda skulle kome på rett kjøl ein gong for alle. Han varsla likevel at det nok ville ta meir enn eitt år å løyse problema. Han bad også om at målrørsla og Elevorganisasjonen var til hjelp med å få oversyn og attendemeldingar frå elevar om stoda.

Sumaren 2008 leigde vi inn ekstrahjelp frå Norsk Målungdom til å undersøkje manglane ved så mange skular som råd. Lokallaga vart også oppmoda om å hjelpe til i arbeidet. Dei fekk tilsendt materiell der dei på enkelt vis kunne rapportere inn bøker som berre låg føre på bokmål, eller ikkje fanst i det heile. Fleire lag var til god hjelp her. Både den kartlegginga Utdanningsdirektoratet fekk frå skuleeigar og det arbeidet vi sjølve gjorde, synte at det er innanfor yrkesfaga manglane er størst.

Bøker i små fag får produksjonsstøtte til parallellutgåva, og det har lenge vore sagt frå forlaga at det er alt for lite pengar i støtteordninga. Mange læreverk står difor på vent fordi produsenten ikkje får tilsegn om støtte. Det har vore vanskeleg for Mållaget å få oversyn over kor mykje pengar som manglar. Vi har etterlyst eit oversyn frå departementet over alle faga i vidaregåande skule, saman med ei liste over kva som finst av læremiddel til kvart fag. Vi har også bede Forleggerforeningen om eit reknestykke som syner kva dei meiner må til for å dekkje alle faga. Dette arbeidet er no i gang, men så langt har det vore vanskeleg å arbeide med konkrete, økonomiske krav.

Eit framsteg var det likevel at kunnskapsministeren på ein pressekonferanse i Aasentunet i oktober gav 6 millionar i ekstra støtte til parallellutgåver for 2008. Mållaget rosa ministeren for vilje til å løyse saka, men ventar framleis på kva konkrete resultat løyvinga gav i talet på læremiddel.

Ei anna viktig sak har vore å få presisert kva læremiddel det skal stillast krav om parallellutgåve til. Verkebyllen har vore digitale læringsressursar, der forlaga har meint at lova er uklår og at slike læremiddel stort sett fell utanfor regelverket om parallellutgåve. Kunnskapsdepartementet sende ut nytt framlegg til forskrift til opplæringslova før jul, og Noregs Mållag har vore høyringsinstans. Mykje i framlegget er bra. Dei digitale læremidla er no heilt tydeleg omfatta av kravet om både bokmål og nynorsk. Like eins er ansvaret skuleeigar har for berre å kjøpe inn læremiddel som finst på båe målformer, tydeleg presisert.

Men samstundes vel departementet å ta bort formuleringa som gjev nynorskelevar rett til vanleg programvare på sitt eige hovudmål. Stortinget fjerna endeleg unntaket for programvare i opplæringslova i 2004, ei endring som vart teken inn i forskrifta fyrst i 2006. No inneheld forskrifta det same kravet til programvare (vanlege kontorstøtteprogram) som til anna undervisingsmateriell som vert brukt skulen. Men i høyringsframlegget er altså programvare fjerna. Grunngjevinga frå departementet er at programvare ikkje er eit læremiddel, og at det dermed ikkje høyrer heime i forskrifta om læremiddel. Samstundes har dei ikkje kome med framlegg om at kravet til både nynorsk- og bokmålsutgåver av programvare bør regulerast ein annan stad. Mållaget kan ikkje akseptere at programvare fell bort som regulert felt. Det vert meir og meir sentralt som arbeidsverktøy i skulekvardagen til elevane, heilt frå barneskulen. Vi har difor meldt at programvare må inkluderast i forskrifta til opplæringslova heilt til det eventuelt er på plass i ei anna lov eller forskrift.

## *Media og informasjonsteknologi*

Det er eit gjennomgåande trekk at færre og færre aktørar innan media har *prinsipielle* grunnar til ikkje å sleppe til nynorsk. Riksavisene held diverre framleis på sitt – særleg Dagbladet og VG er fastlåste i eit språksyn frå fleire tiår attende, der dei hevdar at tospråkleg redigering vil gjere avisa dårlegare. Elles er det fullt mogleg å vere skrivande nynorskjournalist i riks- og regionaviser som td. Morgenbladet, Nationen og Bergens Tidende. Samstundes er det råd å få tak i nynorskversjonar av dei mest populære programvarene som t.d. Open Office, Microsoft Office og Firefox. Ein kan òg velje å bruke den nynorske versjonen av det populære nettsamfunnet Facebook.

Utfordringa ligg i at nynorskbrukarane ikkje er medvitne nok. Då Startsiden laga Startsida, sette dei minimumstal for daglege treff for at satsinga skulle halde fram. Startsiden/Startsida er ei av dei største norske nettsidene. Det betyr at talet besøkande som samstundes er nynorskbrukarar, truleg er mykje større enn det bruken av Startsida syner. Dette gjeld òg for dei som kjøper seg nynorsk programvare. Det er ikkje mange land som har to versjonar av Microsoft Office. Dette krev tydeleg satsing frå selskapet si side. Mållaget samarbeider for tida med Microsoft om ei undersøking om nynorskbruken blant kundane deira, og resultatet ligg vonleg føre i vår.

Difor er no utfordringa å få fleire til å ta bruk dei nynorske variantane. Skal ein halde oppe trykket på å få meir nynorsk inn i alle media, må ein kunne syne til at dette er noko folk faktisk vil ta i bruk. Om ikkje blir det berre eit reint prinsipielt spørsmål.

**RIKSAVISENE** Kampen for at VG, Dagbladet og Aftenposten skal opne opp for nynorsk, held fram. I vinter fekk denne kampen drahjelp frå Tor Fuglevik som er styremedlem i Språkrådet. Han meinte at det var naturleg å setje krav om nynorsk i dei avisene som får økonomisk støtte frå Staten, anten som direkte pressestøtte eller som momsfritak. Avisredaktørane reagerte med argumentasjon om at dette var å leggje seg opp i den redaksjonelle fridomen som redaktøren har. Fuglevik svara då med at det ikkje er nokon skilnad frå eitt statleg gode til eit anna. Kan ein setje krav om nynorsk til TV2 som får tildelt ein konsesjon, så må ein kunne krevje det same til dei avisene som får økonomisk støtte.

Språkmeldinga er tydeleg på at avisene har eit særskilt ansvar for å ta vare på språket. Ho slår fast at pressestøtta ikkje berre er ei mediestøtte, men òg ei støtte til det norske språket. Meldinga etterlyser meir nynorsk i riksavisene, men kjem ikkje med konkrete framlegg om korleis ein skal oppnå dette. I statsbudsjettet for 2009 vart det øyremerkt 500 000 kroner "til å styrkje nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd". Midlane vil truleg mellom anna gå til førebuinga av det tidlegare lova Vinjefondet, som nettopp skal styrkje det feltet.

**REGIONS- OG LOKALAVISENE** Dei største nasjonale avisene fekk ein kraftig reduksjon i opplagstala i 2008. Lokalavisene gjorde det derimot sterkt og greidde å halde opplagstala frå 2007. Det kan vere fleire grunnar, men lokalavisene tilbyr stoff med ei lokal forankring som ein ikkje finn i nettavisene. Dette er godt nytt for dei mange lokalavisene som bruker nynorsk, og det er godt nytt for målrørsla. Det betyr at den nynorske journalistikken vil halde seg levande.

Av regionsavisene står Bergens Tidende fram som den avisa som nyttar mest nynorsk. Avisa har dessutan

satsa på eigne lokalsider på nettet, og særleg her finn ein mykje nynorsk.

ÅmliAvisa starta opp 1. mars 2008 som rein nynorskavis, og redaktør Inger Stavelin fekk prisen som Årets Nynorskbrukar frå Nynorsk Kultursentrum. Snart fekk avisa fleire medarbeidarar, og dei opna opp for bokmål.

**FJERNSYN** Språkmeldinga kritiserer NRK for ikkje å nå konsesjonskrava når det gjeld nynorsk. Særleg gjeld dette for program for barn og unge, inkludert NRK Super. Mållaget har saman med Kringkastingsringen hatt to møte med kanalleiinga om situasjonen. Det er grunn til å tru at stoda vil betre seg. Ein eigen barnekanal har gjort det enklare å fylgje med på stoda, og dette tvingar NRK til å gje problemstillinga merksemd. Dessutan er det brei politisk støtte i Stortinget for at ein skal ha eit mangfaldig tilbod til ungar på NRK, og kringkastingssjefen gjev uttrykk for at kravet om 25 prosent nynorsk er viktig.

Det ligg likevel ei utfordring i at ungane ser på fleire kanalar enn NRK. Dette er privatåtte kanalar som er åtte av internasjonale medieaktørar som ikkje er underlagde Allmennkringkastarplakaten og dermed heller ikkje har noko krav om språkleg mangfald på seg.

NRK Super har likevel greidd å ete seg inn på desse kanalane og har ein rimeleg stor marknadsdel. Om ein ikkje greier å finne ein måte å få dei andre kanalane til å bruke dialekt og nynorsk, blir NRK Super desto viktigare for at ungane i det heile skal møte nynorsk i fjernsynet.

Eit steg i rett lei er å late distriktskontor lage fjernsyn for born. Serien *Her er eg* som blir produsert ved NRK Sogn og Fjordane, har fått god mottaking og er seld til fleire andre land. No er dei i gang med fleire episodar.

**DEI NYNORSKE MEDIEDAGANE** I oktober skipa Mediemållaget til Dei nynorske mediedagane for fyrste gong. Føremålet var å skape ein arena for organisasjonar og verksemder som arbeider med og for nynorsk i media. Dette året var det særskilt fokus på Dølen-jubileet og Aa. O. Vinje. I tillegg hadde både Mediemållaget, Kringkastingsringen og Noregs Mållag faglege seminar. Mediemållaget fekk mykje velfortent skryt for tilskipinga.

**NYNORSK REDAKTØRPRIS** Nynorsk redaktørpris vart delt ut for femte gong i år. Nynorsk redaktørpris for 2008 gjekk til sjefredaktør Arne Sigurd Haugen i Nynorsk Pressekontor og sjefredaktør og administrerande direktør Pål Bjerketvedt i Norsk Telegrambyrå. Dei to fekk prisen for samarbeidsavtalen mellom NPK og NTB og det viktige utviklingsarbeidet i byråa som fylgjer av avtalen. Juryen for Nynorsk redaktørpris er styret i Mediemållaget.

**REKLAME** Framleis er det få store verksemder som annonserer for ein nasjonal marknad på nynorsk, om ein då ser vekk i frå nokre få drypp. Lerum AS står her i ei særstilling. Det er likevel råd sjå at mindre verksemder fylgjer i fotspora. Jusprodusenten Balholm i Balestrand er i utgangspunktet ein regional aktør, men har byar som sin hovudmarknad. Dei nyttar nynorsk ikkje av di dei vil verke eksotiske, men av di dei vil vere ærlege. Den vesle iskremprodusenten Iskremgården i Rogaland har skift namn til Iskremgarden og har lagt om til nynorsk av di det vil skilje dei ut frå konkurrentane. Trenden er at nynorsk ikkje er noka hindring.

Då tv-distributøren Viasat skulle reklamere for tilbodet sitt, gjorde dei det på nynorsk i Møre og Romsdal og delar av Sogn og Fjordane. Dette var dei medvitne om at var noko nytt, og kontakta Mållaget slik at ein i samarbeid kunne skaffe det medieoppslag. Det enda i eit oppslag i Dagens Næringsliv om reklame på nynorsk. Dette var eit døme på at ein kan gjere begge delar, noko som kan vere nyttig når ein skal freiste å overtale t.d. matvarekjedene til å bruke nynorsk.

**PROGRAMVARE** Operativsystemet Vista kom med nynorsk tilleggspakke i 2008, og Microsoft Noreg lanserte ein nettstad for å hjelpe folk med å byte til nynorsk utgåve, microsoft.no/nynorsk.

Den komande versjonen av Windows, Windows 7, byggjer mykje på Vista og bør såleis kome på nynorsk ved lansering. Noregs Mållag har vore med og testa nynorsk brukargrensesnitt og handskriftattkjenning til Windows 7.

Nettlesaren Firefox tek stadig større delar av marknaden. Fordelen med denne nettlesaren er at nynorsk- og bokmåloppdateringane kjem samstundes. Nettlesaren Opera gjer det mogleg å nettsurfe på nynorsk frå mobiltelefon.

Den gratis kontorpakka Openoffice kom med utgåve 3.00 i 2008, og ho er som tidlegare tilgjengeleg på nynorsk. Talet på nedlastingar av kontorpakka OpenOffice.org gjekk opp med 67 prosent i 2008 frå 2007, med over 500 000 nedlastingar av dei norske utgåvene. Nynorskversjonen stod for om lag 10 prosent av nedlastingane.

I desember 2008 kom det fram at dei tilsette ved Helse Vest og ved NAV Sogn og Fjordane må bruke bokmålsversjonen av Microsoft Officet. Bakgrunnen for dette var at IT-avdelingane meinte det ville føre til for mykje ekstraarbeid og administrasjon å bruke den nynorske utgåva.

Med overgangen til digital-TV må ein skaffe seg ein ny mottakarboks for å sjå TV-signala. Desse boksane har stort sett berre tekst på engelsk. Det finst eitt unntak, Humax CXHD-3000T, som er omsett til nynorsk. Likevel er ikkje denne omsetjinga gjord tilgjengeleg for kundane enno, men vi er lova at det skal skje ved ei programvareoppdatering.

**SPRÅKTEKNOLOGI** Eit av dei mest konkrete framlegga i Språkmeldinga er opprettinga av ein språkbank. Dette er eit arbeid som strekkjer seg mange år attende, men som skaut fart då ressursane som låg i buet etter Nordisk Språkteknologi (NST), vart kjøpte opp. Ressursane består av tekst, tale og leksikon knytte til taledata som var lagde til rette for utvikling av språkteknologi. Forskingsrådet gav støtte til ein gjennomgang av desse ressursane med tanke på gjere dei tilgjengelege for ålmenta. Dette arbeidet er delvis ferdig og det er no råd å søkje i talearkivet hjå Norsk Språkbank. Det eigentlege arbeidet har enno ikkje kome i gang. Regjeringa har løyvd 2,5 millionar kroner til oppstart, men det er enno usikkert når det kjem i gang, og kvar banken skal liggje. Eit interimstyre står no for drifta. Interimstyret har representantar frå dei fem eigarane Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, NTNU, Språkrådet og IBM. Språkrådet fungerer som sekretariat.

I desember var det ein konferanse i Bergen der ein byrja eit ordskifte for kvar grensa går mellom Språkbanken og dei andre språksamlingane. Språkbanken har som mål å gjere ressursane tilgjengelege for ålmenta, medan mykje av forskingsmaterialet berre skal nyttast til forsking. I samband med det vart det òg sett på kva potensial og utfordringar norske språksamlingar har til å vere med i CLARIN. Det er eit europeisk samarbeidsprosjekt der ein freistar å knyte saman europeisk språkforsking og språkteknologi.

**INTERNETT** Det er framleis få nettressursar på nynorsk, og Nynorsk Wikipedia er difor eit viktig tilskot og ein god møtestad for nynorskbrukarar. Den nynorske utgåva av det frie nettoppslagsverket Wikipedia har no over 45 000 artiklar. Nynorsk Wikipedia vart grunnlagd 31. juli 2004. Wikipedia på bokmål og riksmål har 205 000 artiklar.

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har lansert Nynorskbok.no med tips til nye, gode nynorske bøker som høver for ulike aldersgrupper. Dei driv også sida Les for meg! med tips til formidling av nynorsk litteratur for born.

Den nynorske nettbokhandelen bokdykk.no vart lansert i 2008, og har overteke arbeidet med Blåmann barnebokklubb.




*NÆRINGSLIVSPRIS Kari Traa tok i mot Nynorsk Næringslivspris under ei tilstelling på Det Norske Teatret. (Foto: Kjartan Helleve)*

## *Næringsliv*

**TINEMJØLK** Tine BA tok kontakt med Noregs Mållag i haust for å invitere oss til å vere med på å drøfte språkbruken på mjølkekartongane. Dei skreiv mellom anna: TINE vurderer nå om denne [tospråklege] praksisen skal fortsette eller om det skal benyttes kun en målform på alle typer melkekartonger i hele Norge. Et mulig effektiviseringstiltak for TineMelk er nemlig kun å benytte en målform på melkekartongene, og da bokmål […] Det er bare TINE som praktiserer to målformer på

melkekartongene i dag. Det er liten tvil om at kun bokmål vil bidra til at vi fremstår atskillig mer enhetlig […].

Mållaget møtte marknadsavdelinga i Tine i januar og vart orientert om ei undersøking dei hadde gjort om språket på mjølkekartongane. Dei meinte undersøkinga viste at få bryr seg. Dei signaliserte trong for effektivisering, og dei fekk ei rekkje innspel frå Mållaget til moglege gode løysingar som ville ta omsyn til innsparingsbehovet. Det prioriterte alternativet frå vår si side var å ha tospråklege kartongar over heile landet, heile tida.

Etter nokre veker vart saka lagd på is fordi Tine melde at dette ikkje kom til å verte handsama i vår likevel. Ved neste kontakt i slutten av februar vart vi difor svært overraska då Tine inviterte til nytt møte for å orientere oss om den løysinga som *alt var vedteken* i konsernet. Løysinga deira var at all kulturmjølk skal vere på nynorsk, 1/8 av alle søtmjølkskartongane skal ha nynorsk tekst på den eine sida, men logoen på søtmjølka skal heile tida vere *TineMelk*, anten teksten elles er på nynorsk eller bokmål. Mållaget melde at nasjonale løysingar er ein god måte å tenkje på, men at dette med logoen er heilt uaktuelt for oss å miste. Saka er framleis i arbeid i det årsmeldinga går i trykken.

**NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS** Prisen skal gå til ei verksemd som heilt eller delvis nyttar nynorsk i marknadsføring og annan kundekommunikasjon. Kari Traa A/S fekk Nynorsk næringslivspris 2008. Utdelinga fann stad på Det Norske Teatret i Oslo. Utdelinga fekk lite merksemd, trass i ein kjend prisvinnar, men VG Nett hadde eit fint oppslag på nettsidene sine.

I juryen sat Berit Rekve (leiar i Mediemållaget), Jørn Lekve (direktør for informasjon og samfunnskontakt Sparebanken Vest), Christian Sulheim (tidlegare konserndirektør ICA Norge og bonde, representant for Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon) og Anne Karin Sveinall (rektor ved Adolf Øien videregående skole og tidlegare direktør i Fokus Bank) og Liv Krumsvik (leiar for Nordmøre Mållag)

## *Kultur og kulturpolitikk*

Økonomisk støtte til norsk kulturliv er ei støtte til nynorsk kulturliv. Når regjeringa aukar midlane til innkjøp av ny norsk skjønnlitteratur til biblioteka, vil dette vere bra for den nynorsk litteraturen. I tillegg fekk målrørsla ti millionar ekstra i form av direkte tilskot til nynorskinstitusjonane, inkludert 500 000 til Mållaget. Dette har styrkt dei nynorske kulturinstitusjonane.

Det er likevel svarte hol på kartet. Sjølv om det er mange nynorske kunstnarar som gjer det godt både innan musikk, teater og litteratur, så har me enno til gode å sjå ei nynorsk oppsetjing på Den Norske Operaen. Det er likevel små tendensar ein kan glede seg over. Utviklinga innan til dømes dansebandsjangeren har kome utan noka direkte støtte. Den auka dialektbruken i norsk film kjem heller ikkje etter ei direkte satsing. Utfordringa for målrørsla blir difor korleis ein skal arbeide med nynorsk kultur på andre felt enn der ein står relativt sterkt.

I tillegg til alle dei flotte lokale kulturelle tilskipingane til lokallag, har Noreg Mållag vore involvert i to større turnear. *Vestlandsrevyen* var ei hylling av nynorsk og Ivar Aasen, og Mållaget fekk nytta framsyningane til vervearbeid. Lokalt hjelpte til gjengjeld tilskiparane med marknadsføring føre framsyninga. I tillegg hadde Rolf Theil ein rundtur til ulike lokallag med eit føredrag om språk. Denne turneen var delvis finansiert gjennom tilskot frå Utanriksdepartementet. Desse turneane skapte aktivitet i lokallaga, og kan vere mal for liknande opplegg i framtida.

**LITTERATUR** Nominasjonane til Brageprisen 2008 synte at nynorsk litteratur lever og har det godt. I klassen for Skjønnlitteratur for vaksne var både Gunnhild Øyehaug (*Vente, blinke*) og Jørgen Nordheim (*Adjutanten*) nominerte. I klassen for Sakprosa var Nils Rune Langeland (*Noreg*) og Stephen J. Walton (*Skaff deg eit liv! Om biografi*). Nomineringa syner at sterke nynorske bøker ikkje berre kjem ut på Det Norske Samlaget; Langeland kjem ut på Aschehoug og Øyehaug på Kolon. Dei små forlaga som satsar på nynorsk, gjer det godt, og alle dei store forlaga har fleire nynorskbøker, særleg mellom debutantane. Men om ein ser på breidd og tal på titlar, så er framleis Samlaget sjølve ryggrada for nynorsk litteratur. Brage Heiderspris 2008 gjekk til Kjartan Fløgstad.

Norsk Kulturråd har ein eigen budsjettpost til nynorsk litteratur. Denne støtta har gått til billigbokutgåver og særlege satsingsområde som t.d. fagbøker for born. Tidlegare var det slik at Samlaget forsynte seg grovt av denne potten, men frå i haust av skal Samlaget få denne støtta direkte. Posten har vorte noko mindre, men er framleis på fleire millionar. I håp om å stimulere til fleire nynorske bøker, inviterte difor Kulturrådet alle dei andre forlaga til eit møte der dei informerte om denne støtta.

Nynorsk litteraturpris 2007 gjekk til Frode Grytten for *Rom ved havet, rom i byen* (Samlaget) og Nynorsk barnelitteraturpris gjekk til *Godnattboka* (Skald forlag).

**FILM** Filmen *Tropa de Elite* frå Brasil vart den fyrste nynorskteksta filmen på svært lenge. Grepet kom etter ei oppmoding frå NMU om å ha fleire nynorskteksta filmar. Eit anna gledeleg trekk er bruken av dialekt i norsk film. Den svært sentraliserte produksjonen gjorde lenge at ein nesten berre bokmål normaltalemål eller i beste fall austnorske dialektar. Brotet kom med *Mongoland* (2000) der alle snakka meir eller mindre stavangerdialekt. Filmen vart òg gjennombrotet til Kristoffer Joner og Pia Tjelta som har halde på dialekten sin i svært mange filmar seinare. I løpet av det siste året har det komme fleire




*VASSENDGUTANE – Tusen takk, dette set vi pris på! Det er kjekt at Mållaget legg merke til oss, sa vassendguten Sindre Aam då Hege Myklebust gav gruppa blomar og gratulerte med suksessåret 2008. (Foto: Kvinnheringen)*

filmar der dialekten er ein viktig del av forteljinga. *Mannen som elsket Yngve* var klårt ei stavangerforteljing og *Kautokeino-opprøret* var klårt ei samisk forteljing. Noko av det same finn ein i trønderfilmen *Nord*. I *Jernanger*, som er nok ein stavangerfilm, så held Bjørn Sundqvist på sin nordnorske dialekt og syner dermed at han er på framand grunn. Det er eit berande element i forteljinga, og syner at norsk film har fått respekt for dialekt.

**MUSIKK** NRK P3 skipar kvart år til Urørt-tevlinga, der populærmusikalske orkester kan sende inn bidrag og bli vurderte. Dei ti beste kjem til ein finale. I år var det fleire bidrag som var på norsk, og tre med klår loddefjorddialekt. Det betyr ikkje at ein ikkje ynskjer å få suksess i utlandet. Bergensgruppa Casiokids har fått stor merksemd i England med songar som ””Grønt lys i alle ledd” og ”Verdens beste land”, og Kaizers Orchestra har ein stor tilhengjarskare i Danmark trass i, eller kan hende på grunn av, sin klåre rogalandsdialekt. Det byrjar å bli langt mellom dei som hevdar at ein må syngje på engelsk for å få suksess.

Alle dei nominerte til Spellemannsprisen 2008 i klassen for Danseband syng på dialekt. Dette er noko som bransjen deira sjølv legg vekt på som viktig, då dansemusikk svingar mest når han handlar om dei nære ting.

## *Offentleg målpolitikk og målbruk*

**NY OFFENTLEG SPRÅKPOLITIKK** Dei siste åra har det vore eit samanhengande trykk frå storting og regjering som syner eit medvit om den norske tospråksstoda. Det er også ein tydeleg vilje til å styrkje nynorsken frå dei aller fleste politiske partia, i alle fall i teorien. Utfordringa i den positive trenden vi no er inne i, er å



***TRE PÅ TUR*** *Fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys, Kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell og Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa i Ivar Aasen-tunet for å fortelje at regjeringa satsar på nynorsk. (Foto: Hege Lothe)*

fylgje opp, ta politikarane på ordet og sjå til at ord vert omsette til handling og pengar.

## STORTINGSMELDING 35 MÅL OG MEINING

Noregs Mållag var svært nøgd med denne meldinga som vart lagd fram i juni under Dei nynorske festspela. Det er gjort eit særs grundig arbeid med analysedelen i meldinga, ikkje minst i kapitlet "Språk og makt". Når ein har peika på problema, må ein likevel kome med tiltaka. Meldinga inneheld ei rekkje gode framlegg også her, men det følgjer som vanleg ikkje pengar med ei stortingsmelding. Utan vidare påtrykk frå ei samla målrørsle, kan det difor lett ende med å verte ei flott ynskeliste i staden for reelle endringar. Hovudkravet frå Mållaget har vore å få i gang eit større forskingsprosjekt om den norske språkstoda og om nynorsken. Eit slikt forskingsprosjekt bør som eit minimum skaffe informasjon om utbreiinga av nynorsk på ei rekkje område, og om problemstillingar knytte til målbyte.

Vi peika også på utfordringane innanfor programvare og offentleg målbruk. I tillegg bad vi om at det vert oppretta eit eige språkombod, eller ein annan funksjon der enkeltpersonar kan klage dersom lover og reglar ikkje vert fylgde.

Under arbeidet med meldinga laga vi i haust til ein studiering som vart sendt alle laga. Vi har ikkje oversyn over kor mange av laga som brukte tilbodet som ordskifte- /studiegrunnlag i styret eller på opne møte.

Komiteinnstillinga som skal leggjast fram for Stortinget er utsett, og vil fyrst vere klar i slutten av april.

**STORTINGSMELDING 23 SPRÅK BYGGER BROER** Kunnskapsdepartementet la fram stortingsmelding om språk i skulen i mai 2008. Det sentrale kravet vårt var å få forskingsmidlar til meir dokumentasjon om tilhøvet mellom nynorsk og bokmål. Både denne og andre stortingsmeldingar har streka under mangelen på kunnskap og talmateriale når det gjeld stoda for nynorsken i samfunnet, og Mållaget ser det som avgjerande at det vert rom for eit større forskingsprogram om dette. Forskinga bør mellom anna kartleggje omfanget av og årsaker til målbyte, omfanget av nynorsk som opplæringsmål i ungdomsskulen og på den vidaregåande skulen, omfanget av nynorsk i barne- og ungdomsprogram i fjernsynet, læringsressursar på nynorsk for barnehagen, arbeidsstader der nynorsk er arbeidsspråket og målbyte i arbeidslivet.

Elles tok vi opp læremiddelsaka, at det er viktig å starte tidleg med nynorsk i skulen, problemstillingar knytte til målbyte, norskopplæringa for innvandrarar, lærarutdanninga og samanhengen mellom barnehage og skule.

**STORTINGSMELDING 11 LÆREREN – ROLLEN OG UTDANNINGEN** I februar 2009 kom stortingsmeldinga om lærarutdanninga, med høyring alt i slutten av same månaden. I framlegget til ny lærarutdanning har departementet skilt mellom utdanning for undervising på 1. – 7. steget og undervising på 5. – 10. steget. I utdanninga for 5. – 10. steget er det framlegg om at einast pedagogikk skal vere obligatorisk fag. Mållaget har reagert på at norskfaget vert teke ut som obligatorisk fag for alle andre lærarar enn dei som skal undervise i norsk. Vi har både sendt inn høyringsfråsegn og delteke på høyring i komiteen. I Kunnskapsløftet er det streka under at språk skal lærast og arbeidast med i alle fag og at "alle lærarar er norsklærarar". Då må etter vårt syn alle lærarar også har eit minimum av norskfagleg kompetanse som del av utdanninga si.

**OFFENTLEG MÅLBRUK** På hausten hadde Mållaget møte med Språkrådet og drøfta arbeidet deira som tilsynsorgan for målbruken i statsetatane under departementsnivå. Vi melde eit ynske om at skriftlege rutinar for veksling mellom målformene også vert samla inn og tekne med som ein del av rapporteringa statsorgana gjer. Vonleg let det seg gjere, men det kan tidlegast skje frå statistikken som gjeld 2008. Språkstatistikken viser at det er ein liten framgang i nynorskbruken frå 2006 til 2007. Det er likevel langt att når 3 av 4 statsorgan framleis bryt mållova.

Frå regjeringshald er det tydeleg at norsk språk har hatt større merksemd no enn før, sjølv om resultata let vente på seg. Eitt av dei tiltaka som er kome i gang, er Klart språk-prosjektet til Fornyingsdepartementet. Gjennom dette prosjektet satsar ein på å gjera den offentlege språkbruken lettare å forstå for mottakarane, både på bokmål og på nynorsk. Departementet satsar mellom anna på språkkurs for statstilsette for å nå måla sine.

Oslo kommune er ein språknøytral kommune. Heilt sidan 70-talet har kommunen likevel hatt vedtak om at dei tilsette må bruke bokmål. Mållaget har sendt brev til kommunen og bede dei om å endre vedtaket sitt, slik at dei tilsette vert stilte fritt.

## *Talemål og skriftmål*

Landsmøtet i 2008 handsama normeringspolitikken til Noregs Mållag som ei av hovudsakene. Saka har vore aktuell fordi Språkrådet arbeider med normeringa av nynorsken. Landsmøtet vedtok ei fråsegn der hovudmomenta er at Mållaget ynskjer å oppheve skiljet mellom hovudformer og klammeformer, og at nynorsknormalen bør strammast varleg inn. I St.meld. 35 fekk Språkrådet mandat til å gå vidare med arbeidet med normeringa av nynorsken. Dette arbeidet vil truleg kome i gang for fullt i 2009.

Sumaren 2009 vart det sendt ut framlegg til ny salmebok og ny liturgi for kyrkja. Det utkastet som låg føre, er på langt nær godt nok, og Mållaget melde seg som høyringsinstans. Det er mellom anna avgjerande for Mållaget at fordelinga mellom nynorsk- og bokmålssalmar er om lag lik, slik at ein finn salmar til alle bruksområde same kva målform ein bruker. I haust sette styret ned ei eiga nemnd som skal gå gjennom høyringsframlegget, og kome med innspel til styret om synspunkt frå Mållaget. Høyringsfristen vart seinare utsett til september 2009, og styret har difor også utsett handsaminga av saka.

**HØYRING OM DOKUMENT 8:58 (2007-2008) – STADNAMNLOVA** To stortingsrepresentantar frå Høgre hadde reist framlegg om at stadnamnlova skulle endrast slik at grunneigar skal tilleggjast større vekt ved fastsetjing av rettskrivinga av gards- og bruksnamn. Mållaget deltok i høyringa og bar fram synet om at dei einskildsakene som låg til grunn for framlegget, bør kunne løysast på anna vis enn gjennom ei lovendring med store kulturpolitiske fylgjer.

Forvalting av stadnamnarven vår er svært viktig. Hovudgrunnlaget for Noregs Mållag er framleis stadnamna som *verneverdige kulturminne*. Ein bør difor ikkje gjere endringar som svekkjer kulturminnefunksjonen og den namnefaglege instansen. For stadnamn som kulturminne er det særleg viktig å sjå på dei nedervde lokale uttaleformene som siste lekken i ein ubroten historisk samanheng. Den munnlege traderinga mellom generasjonane er svekt i vår tid, og namna blir i stadig sterkare grad lært etter skrifta, frå kart, skilt og andre kjelder. Dei skriftformene som blir fastsette til offentleg bruk, vil dimed bli grunnlaget også for dei munnlege formene som vil leve i framtida.

Diverre vann ikkje Mållaget sitt syn fram i komiteen. Komiteen støtta framlegget om ei endring slik at grunneigar skal ha større innverknad, ikkje berre på slektsnamnet sitt, men på gards- og bruksnamnet som slektsnamnet spring ut frå. Regjeringa vil seinare kome med framlegg om endringar ut frå komitesynet.

## *Internasjonalt arbeid*

Styret har i perioden arbeidd med å få til eit dagsseminar om minoritetsspråklege problemstillingar. Det synte seg i haust å vere vanskeleg å få samla fagkompetansen på aktuelle tidspunkt, og seminaret vil difor ikkje verte gjennomført før i neste arbeidsperiode.

Internasjonalt utval har lege nede i perioden. Utvalet vart i si tid oppretta for å vera med i arbeidet med Internasjonalt program for språkleg og kulturelt mangfald. Styret har no i samarbeid med utvalsmedlemene starta ei evaluering av utvalsarbeidet. Målet er å få ei grundig vurdering av kva for oppgåver eit slikt utval i framtida kan og bør drive med, slik at styret saman med eit utval kan få arbeidd best mogleg med internasjonale spørsmål.

Sumaren 2008 melde Noregs Mållag seg inn i organisasjonen Network to Promote Linguistic Diversity (NPLD), etter vedtak om innmelding på landsmøtet same året. Vi har så langt ikkje vore aktive i organisasjonen, men NPLD vil vere eit godt nettverk for aktuelle europeiske språkspørsmål der vi kan ha nytte av samarbeidspartnarar.

# Samskipnaden

## *Lag og medlemer*

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember):

| | *Medlemer* | *Endring* | *Tilgang* | *Fråfall†* | *Fråfall** |
|---|---|---|---|---|---|
| 1997 | 10 826 | - 287 | 566 | -853 | |
| 1998 | 10 852 | + 26 | 691 | -665 | |
| 1999 | 11 046 | + 194 | 775 | -581 | |
| 2000 | 11 001 | - 45 | 539 | -584 | |
| 2001 | 10 883 | - 118 | 476 | -594 | |
| 2002 | 10 588 | - 306 | 658 | -688 | -276 |
| 2003 | 10 329 | - 259 | 491 | -731 | -235 |
| 2004 | 10 141 | - 188 | 452 | -461 | -197 |
| 2005 | 10 162 | + 21 | 675 | -487 | -167 |
| 2006 | 10 167 | +5 | 389 | -525 | -535 |
| 2007 | 10 323 | +156 | 504 | -1105 | -395 |
| 2008 | 10 251 | -72 | 756 | -523 | -305 |

† Utmeldingar og avlidne
* Har ikkje fornya

Medlemstalet gjekk ned med 72 medlemer (-1% prosent) i 2008.

Medlemstalet for 2008 er med det 10 251. Medrekna medlemene i Norsk Målungdom er medlemstalet 11 731, ned 154 frå 2007. Om me skil mellom laga som har lokal og sentral innkrevjing, ser me at dei «vanlege» lokallaga våre har hatt ein framgang på 120, frå 8289 til 8409. Jamt over er det slik at dei fleste laga anten har om lag det same medlemstalet, eller aukar litt. Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemer som ikkje melder seg ut, men heller ikkje betaler medlemspengar, vert ståande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og Norsk Tidend i tre år. Deretter vert dei sletta.

Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt, slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølvsagt ikkje rekna med i det offisielle medlemstalet.

### LOKALLAG, FYLKESLAG OG YRKESMÅLLAG

For 2007 mottok skrivarstova årsmelding frå 125 lag og 17 fylkeslag. For 2006 var tala 129 og 19. Det er svært alvorleg at det er to fylkeslag som ikkje har sendt inn årsmelding. Det er framleis aktive lag som ikkje sender inn årsmelding, men rutinane for dette ser ut til å ha vorte mykje betre. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Mange lag får heller ikkje utbetalt medlemspengar dei har til gode, på grunn av manglande innsending av årsmeldingar. Klepp Mållag og Øystre Slidre Mållag er oppattskipa i perioden. Skedsmo Mållag har meldt seg inn i Fylkesmållaget Vikværingen.

Åtte lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

### STUDIEARBEID OG LEIARTRENING

Noregs Mållag er ein av 24 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet.

I 2008 hadde vi registrert 25 studietimar, knytte til 1 kurs . I 2007 hadde vi registrert 444 studietimar, fordelte på 12 kurs i tre lag. Det er framleis slik at det meste av studiearbeidet laga driv med, ikkje vert rapportert inn til Folkekulturforbundet. Det laget som hadde kurs, fekk utbetalt 1325 kroner i støtte.

*Nynorsk er i dag både ei sjølvstendig målform og eit sjølvstendig skriftspråk og samstundes ein nødvendig del av norsk kultur og norsk språk. Ingen strategisk språkpolitikk for framtida kan gå utanom nynorsken.*
St.meld.nr. 35 Mål og meining




*I AKSJON Det er etter kvart blitt ein tradisjon. Mållaga på Agder går saman om å markere Mållaget med stor stand på Landbrukets Dag på Evje. Det var i midten av august, og dei som stakk innom standen fekk med seg både kaffi og ein god prat. (Foto: Privat)*

**LEIARTRENINGSSEMINAR** Ei nemnd har på oppdrag frå styret utarbeidd eit program for eit leiartreningsseminar med utgangspunkt i eit opplegg som Åsmund Lien laga i førre periode og tidlegare leiartreningsseminar i Mållaget. Vi tek sikte på at det fyrste seminaret vert i Hordaland saman med Noregs Ungdomslag. Somme punkt skal vere felles, og ved andre skal punkt skal organisasjonane dele seg. Seminaret skal gå over ein og ein halv dag, med sosial samling på kvelden. Vi tenkjer oss eit slikt innhald: Ei innleiing med emnet Kvifor nynorsk? Dette skal opne eit punkt om debatt og argumentasjonsteknikk der deltakarane skal diskutere emnet frå ulike vinklar. Deretter punktnedslag i målstriden (røynsler frå lokale saker), presse- og informasjonsarbeid, idébank til lokale aktivitetar og gjennomgang av organisasjonsarbeid (til dømes årsmøte, oppbygging, økonomi og styrearbeid). Dette seminaret skal vere utgangspunkt for nye seminar i andre delar av landet.

**NYTT MEDLEMSREGISTER** Etter ein optimistisk start på året med nytt medlemsregister kom vi ned på jorda att. Som med dei fleste IT-prosjekt, tek ting tid. Det at registeret ikkje har vorte klart, har medført problem for oss på skrivarstova, og viktigare, for lokal- og fylkeslag.

Det har i perioden vore vanskeleg å få sendt ut tilstrekkeleg og brukarvenleg informasjon om medlemstal, adresseendringar, innmeldingar og utmeldingar.

Registeret er bygd opp med tanke på at kvart lag sjølv skal kunne logge seg på og fylgje med på sine eigne lag. Dette har vi ikkje fått teke i bruk enno.

Funksjonane i det nye registeret er store framsteg, men til no har vi ikkje fått fullt utbyte av dei.

**HAUSTSEMINARET** I fjor valde Mållaget ein ny vri på haustseminaret. Styret hadde arbeidd med å få til eit seminar om minoritetsspråks- og morsmålstema, men

det lukkast ikkje. Då vart løysinga i staden å gå inn i eit samarbeid med Mediemållaget om Nynorske mediedagar i midten av oktober i Oslo. Dermed vart vi éin av fleire deltilskiparar, med ansvar for programmet som skulle vera sundagen. Programmet for helga var godt og viktig. Fredag var stortingsmelding 35 Mål og meining emne for drøfting. Laurdagen handla om nynorsk i fjernsynsprogram for barn og unge, medan sundagen var sett av til nynorsk i riksavisene og eit ordskifte om kva barrierar nynorskjournalistar meiner finst, dersom dei vel å skrive nynorsk på jobb.

Det var diverre svært få folk til stades, samanlikna med tidlegare seminar. Truleg skriv det seg i hovudsak frå at vi ikkje greidde å kommunisere godt nok at denne tilskipinga var å rekne som haustseminaret vårt. Røynslene frå denne tilskipinga vil bli tekne med i framtidig seminarplanlegging.

**VERVING OG VERVETILTAK** Alt i alt har året 2008 synt seg å verte eit godt verveår. Samla sett i perioden frå 1. januar til 31. desember 2008 vart det verva 1020. Framleis har ikkje alle dei nyinnmelde betalt medlemspengar, men talet på nyinnmelde ligg høgare enn året før. Frå 1. januar 2007 til 31. desember 2007 vart det verva 653 nye medlemer.

Ein del av forklaringa til denne oppgangen er at styret har valt å setje av pengar til medlemsverving. I hovudsak har dette vore to kampanjar. Den eine var knytt til å sende ut innmeldingsgiroar i tre aviser. Alle tingarane i Dag og Tid og Klassekampen mottok innmeldingsblankett i avisa, medan alle Vårt Land-tingarane på Vestlandet fekk tilsvarande giro i posten. Dette var eit godt påslag i vervestatistikken. Frå 1. oktober til 31. desember melde 352 nye seg inn.

Hausten 2008 vart det inngått ein avtale mellom Vestlandsrevyen og Noregs Mållag. Vestlandsrevyen skulle på turne frå Åndalsnes i nord via Suldal i sør til Ål i aust. Noregs Mållag fekk to gratisbillettar til kvar framsyning og fekk løyve til å dele ut vervekort med tilbod om medlemsskap til 50 kroner og jakkemerke med teksten: Takk, Ivar Aasen! Som mottyting skulle laga dele ut reklameflygeblad for framsyninga eit par veker i framkant. Om lag 100 melde seg inn i Noregs Mållag i etterkant av dette vervetiltaket.

Dessutan har skrivarstova i samarbeid med Norsk Målungdom sendt brev til alle deira medlemer over 30 år, der vi bad dei vurdere overgang til Noregs Mållag. Ein god del valde å gjere det.

Det er sendt ut medlemslister og verveoversyn jamleg, eigne verveflygeblad er produserte og distribuerte, og det er brukt godt med plass på verving i medlemsbladet og på nettsidene.

Ei rekkje lokallag sende inn namnelister på folk dei meinte kunne vere interesserte i medlemskap, og skrivarstova sende innmeldingsblankettar til dei. Dette er eit tiltak som også gjev nye medlemer, og det er godt å sjå at eit slikt samarbeid mellom lokallag og skrivarstova gjev resultat.

**NYTT OM NYNORSK – LAGSSENDING** Hausten 2008 sette vi i gang eit nyhendebrev på e-post; Nytt om nynorsk. Det vert sendt ut til dei av kontaktpersonane i laga og medlemene som har takka ja til det. Til no er det sendt ut tre slike nyhendebrev. Nettadsressa for påmelding er http://groups.google.com/group/nytt-om-nynorsk. Det er 260 som får desse sendingane no.

Det er sendt ut lagssendingar på vekselvis e-post og vanleg post, sju stk alt i alt.

**MATERIELLPRODUKSJON** På landsmøtet i Stavanger vart det lansert ei aksjonspakke som lokallaga kan kjøpe til ein rimeleg pris. Denne pakka inneheld 1 kilo drops og 100 stk ballongar – berre med merket til Noregs Mållag, plakatar og eit to meter høgt rullebanner. Dette aksjonsmateriellet har vorte godt motteke, og om lag 25 lag har tinga denne pakka.

I løpet av året har vi også produsert jakkemerke med tekstane *Takk, Ivar Aasen!* og *Slepp nynorsken til!* Desse merka vert selde rimeleg til laga og andre. I tillegg til dette har det vorte laga ulikt salsmateriell som vert seld via nettsidene og på tilskipingar i Mållaget. For tredje året på rad har me laga eit eige servise med kaffikrus, te-kopp og asjett med gode nynorske tekstar. Skrivarstova arbeider heile tida med nye produkt og idear til profileringstilfang og tek gjerne i mot idear og framlegg frå laga.

**ORGANISASJONSINITIATIV** Hausten 2008 bad styret skrivarstova utarbeide eit opplegg for eit organisasjonsinitiativ som alle laga i Noregs Mållag kan delta i.

Bakgrunnen for denne initiativet er at målfolk ofte er aktive i ei lang rekkje organisasjonar. Dette gjer at organisasjonen, dei tillitsvalde og sakene våre er kjende for mange menneske utanfor rørsla vår. Styret trur likevel det er råd å gjere meir nytte av desse kontaktane. Mottoet for organisasjonsinitiativet er: Tenk målsak - bruk nynorsk i organisasjonslivet. Målsetjinga for initiativet er at me vil at Mållaget skal verte meir synlege, auke kontaktflata vår, skaffe nye impulsar og medlemer, og få gjennomslagskraft for målpolitikk lokalt.

Starttidspunktet var planlagt til januar 2009. Då skulle alle laga få lokallagssending med materiell. Vi har dessverre blitt noko forseinka i forhold til denne fristen. Men straks kampanjepakka er klar, vert ho sendt ut. Ho skal innehalde idear til aktivitetar, organisasjonsordliste på nynorsk, møtestyring på nynorsk, ulike døme på årsmøtevedtak, lesarbrevmalar og liknande som kan sendast til ulike delar av fagrørsla og fagblada. I tillegg vil det vere eit eige notat om eit initiativ for saman å skape ein tospråkleg organisasjon: Korleis gjere organisasjonen din tospråkleg? I tillegg til materiell kan sentrallekken tilby nynorskkurs for organisasjonstillitsvalde og




*HEIDER 1 Nynorsk Litteraturpris 2008 gjekk til Frode Grytten, Nynrorsk Barnelitteraturpris til* Godnattboka, *her representert ved forlagsredaktør Simone Stibbe frå Skald Forlag. (Foto: Hege Lothe)*




*HEIDER 2 Målprisen 2008 gjekk til Halvor Folgerø og Finn Tokvam for deira mangeårige, intense og heilhjarta innsats for nynorsk. (Foto: Hege Lothe)*

reise til lokallag som innleiarar med interessante emne som ein kan invitere andre organisasjonar med på.

Frå sentralt hald har styret peika seg ut at ein ynskjer å ta nærare kontakt med LO og Norges Idrettsforbund for å oppmode dei om å bruke meir nynorsk i deira kommunikasjon med heile organisasjonen sin, og med samfunnet rundt. Førebels er planen at dette organisasjonsinitiativet skal gå gjennom heile 2009. Norsk Tidend skal brukast aktivt undervegs til å informere om kva som skjer både lokalt og sentralt.

**ROLF THEIL-TURNÉ** I samband med mangfaldsåret og med støtte frå Utanriksdepartementet skipa Noregs Mållag til ein turné med språkvitskapsmannen Rolf Theil i oktober og november 2008. Opplegget heitte "All verdas språk", og synleggjorde det utrulege mangfaldet i verdas språk, og korleis det kan ha seg at det er slik. Turneen vart organisert i samarbeid med lokale mållag, og vitja Stord, Bergen, Radøy, Landvik, Sandefjord, Bø i Telemark, Hemsedal, Vang i Valdres og Fredrikstad. Me oppsummerer turneen som svært vellukka, og om vi får støtte til eit slikt prosjekt planlegg vi å gjennomføre noko liknande i 2009.

**LANDSMØTET** Landsmøtet i 2008 vart lagt til Stavanger fordi byen var Europeisk kulturhovudstad 2008. First Hotell Alstor var vertskap for møtet, og det møtte 150 utsendingar med røysterett og 11 gjester frå nærskylde organisasjonar. Talet på utsendingar med røysterett var 121 i 2007, 171 i 2006, 143 i 2005 og 147 i 2004.

Landsmøtet 2008 vedtok nytt treårig arbeidsprogram. Dette var ei viktig sak på landsmøtet. Dei andre store sakene var skulepolitiske utfordringar med innleiing frå Bård Vegar Solhjell, og normeringa av nynorsken. I leiartalen la Hege Myklebust vekt på samanhengen mellom tale og skrift, og måten me argumenterer for nynorsk på. Ho trekte fram at meir nynorsk normaltalemål ville kunne styrkje nynorsken som skriftspråk, og at målrørsla i større grad må greie å gjere nynorskbrukarar til målfolk, gje dei ei god grunngjeving for kvifor dei bør halde på nynorsk når bokmål kan verke som ei enklare løysing. Solhjell la vekt på at skulen må gje ei betre opplæring både i lesing og skriving, og at elevane som har bokmål som hovudmål må få ei betre opplæring i nynorsk. Han viste stor vilje til å gjere ein innsats for å betre læremiddelsituasjonen, men mana likevel til tolmod. Solhjell fekk òg med seg tre idear til tiltak, som styret hadde utforma og vedteke på førehand. Trond Trosterud innleidde om emnet *Normeringa av nynorsken*. Trosterud sette spørsmålet om normering inn i ein historisk og internasjonal samanheng, og trekte fram nokre viktige prinsipp for normering. Dette emnet kom opp som eit resultat av at Språkrådet har vedteke å gjere nynorsknorma enklare og strammare. Morten Søberg frå styret innleidde om nytt arbeidsprogram. Framlegget frå styret la opp til ulike arbeidsmåtar i dei tre ulike områda: Nynorskområde, 50/50-land, og nynorsk mindretalsområde. Det kom ein del innvendingar mot denne tankegangen, og resultatet av mange framlegg frå




*HEIDER 3 Marianne Furevikstrand frå Holmedal (t.h.) fekk eit stipend på 50 000 kroner frå Noregs Mållag for å starta bygdeaviser. Hege Myklebust gratulerer. (Foto: Hege Lothe)*

salen var at det kom inn eit nytt punkt som heiter landsdekkjande tiltak.

Finn Tokvam og Halvor Folgerø fekk målprisen og Lise Lunde Nilsen og Terje Torkildsen fekk målblome for arbeid for nynorsk ved Våland skole. Dei to arbeidsstipenda på 50 000 kroner gjekk til Øystein Runde for eit nynorsk teikneserieprosjekt og til Marianne Furevikstrand for arbeid med eit nytt bygdeavisprosjekt i Dalsfjorden i Sunnfjord. Frode Grytten fekk Nynorsk litteraturpris for boka *Rom ved havet, rom i byen*. Nynorsk barnelitteraturpris gjekk til forlaget Skald for *Godnattboka*.

**MIDLAR TIL STYRKING AV ORGANISASJONEN** Mållaget har dei siste par åra hatt ein eigen post i budsjettet der lokal- og fylkeslag kan søkje om støtte til organisasjonsbyggjande tiltak. I haust laga styret retningsliner for søknad og prosjektrapportering, der det mellom anna er stilt krav til at prosjekta skal kunne ha læringsverdi for andre lag i organisasjonen.

I 2008 støtta vi Nordmøre Mållag med arbeidet for styrking av nynorsken i regionen sin, særleg innanfor barnehagar, mellom offentleg tilsette og i avisene. Vi støtta også Mediemållaget med tilskipinga Dei nynorske mediedagane, ei tilskiping vi også hadde programpostar til den eine dagen. Så langt har det kome få søknader om å få tildelt midlar. Styret vil prøve å marknadsføre ordninga betre, slik at i alle fall ikkje manglande informasjon er eit hinder.




*HEIDER 4 Lise Lunde Nilsen og Terje Torkildsen fekk målblome for at dei på kvar sitt vis har vore viktige for nynorsken ved Våland skole i Stavanger. (Foto: Hege Lothe)*

## *Informasjons- og mediearbeid*

Noregs Mållag ynskjer å påverke individuelle og kollektive val på eit vis som fører til auka bruk av nynorsk i heile landet: Fleire nynorskbrukarar, fleire målfolk, fleire som er glade i nynorsken. Standpunkta våre skal gjerast synlege for vanlege folk, departement, direktorat, storting, regjering, skuleverket, andre offentlege institusjonar og næringsliv. Det er difor viktig å ha både eit offensivt medie- og informasjonsarbeid, og at arbeidet skjer jamt utetter året. I hovudsak er det leiar, nestleiar og arbeidsutvalet og dagleg leiar som er mest involverte i mediearbeidet. I år har to frå staben vore involverte på informasjonssida.

I året som har gått, er det sjølvsagt mange skulepolitiske saker som har stått sentralt. Tre viktige felt har vore: Styrk norskopplæringa i lærarutdanninga, Start tidlegare med sidemålsundervisning i skulen og Nynorske læremiddel til elevane. I mediearbeidet er det viktig at det stør oppunder lobbyarbeidet som vert gjort i Oslo.

**MEDIEDEKKING PÅ LANDSMØTET** På førehand var det planlagt slik at me ynskte å få merksemd om dei skulepolitiske krava våre i samband med at kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell kom til landsmøtet. Me ynskte at desse krava skulle vere offensive krav og at det skulle handle om meir enn nynorske læremiddel. Dei tre ideane til statsråden som vart peika ut av styret var; *Styrk norskopplæringa i lærarutdanning, Start tid-*

*legare med sidemålsundervisning i skulen* og *Nynorske læremiddel til elevane*.

Saka som hadde overskrifta; *Start tidlegare med sidemålsundervisning i skulen* fekk mykje merksemd. Det var denne saka me prøvde å snakke med pressa om på førehand og som me skreiv pressemelding om på fredag. Me lukkast med å få denne saka på dagsorden. Viktigast var det at NTB laga to pressemeldingar om saka og at Solhjell uttalte seg med ei open positiv halding til spørsmålet. Slik sett fekk Noregs Mållag sett ein offensiv dagsorden i denne saka, og det bør også fylgjast opp vidare. Andre viktige saker var læremiddelspørsmålet, og me fekk også ei NTB-melding om krava våre til morsmålsundervisning. Både NRK og TV Vest var til stades og intervjua statsråden.

Det var mange prisvinnarar, både målblome, målpris, litteraturprisvinnarar og stipendvinnarar. ANB-NTB laga meldingar på både målblome, målpris og litteraturpris og det var veldig bra. Me fekk bra dekning frå distriktssendingane til NRK på fredagen. Lokalt sett skulle det vore meir merksemd til målblomevinnarane. Nokre veker før me reiste til Stavanger, var Hege Myklebust på Våland skole og lanserte nynorskklasse.no. Då fekk me oppslag i Rogalands Avis, Sveip i NRK og nokre linjer i Stavanger Aftenblad. Dette fungerte fint som ei opptakt til landsmøtet, og me fekk ein god journalistkontakt i Rogalands Avis.

I tillegg til pressemeldingar la me vekt på å ringje rundt til media. Me var i kontakt med mange på førehand og gjennom landsmøtet. Dette er ein god, men tidkrevjande måte å arbeide på. Me har registrert om lag 180 treff før, under og i dagane etter landsmøtet. Det er meir enn året før på Hell med 137 treff. (Oslo: 212, Tromsø: 219, Ålesund:182, Grimstad: 159).

**NORSK TIDEND** Dette er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa vert send ut til medlemene i Noregs Mållag, Norsk Målungdom og til tingarar av avisa. Avisa kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 120-140 sider.

Hege Lothe var redaktør for alle utgåvene i 2008. Frå og med nr. 1 /2009 overtok Kjartan Helleve som redaktør. Til dette nummeret var Hege Lothe vanleg skribent til avisa, og ho gjekk deretter ut i fødselspermisjon. Det er eit knippe skribentar som får honorar for tekstar og bilete i avisa. Gjennom året har redaksjonen hatt nokre sporadiske møte.

Avisa har desse faste spaltene: *Media* av Tarjei Vågstøl, dagleg leiar i Kringkastingsringen, *NMU* av Jens Kihl, leiar i NMU, *Leiarteigen* av Hege Myklebust, leiar i Noregs Mållag, *Kleiva* av Anna Kleiva, *I bokevja* ved Hilde Myklebust, *Ord med Ola* ved Ola Breivega og *Veven* ved Marit Aakre Tennø. Ho har no avslutta denne spalta og er vorten erstatta av Inger Johanne Sæterbakk som skriv *Rapport frå nord*. Dessutan lagar Laurits Killingbergtrø eit nytt kryssord til kvar avis. Det skal vere nyttig å lese Norsk Tidend for dei som vil fylgje med på utviklinga for nynorsken og språkpolitikk i Noreg. Den viktigaste funksjonen til Norsk Tidend er at ho er ein fast informasjonskanal til kvar enkelt medlem i Noregs Mållag. Men avisa skal også vere underhaldande og gje nye idear og kveik til medlemene våre.

I kvart nummer av Norsk Tidend vert det sendt med gåvegiro eller loddgiro. Dette er ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag. Gjevarane vert takka med namn på eigne gåvesider i avisa. Trass i at det er høge portokostnader knytt til utgjevinga av medlemsavis, gjev avisa gode inntekter til organisasjonen.

**HEIMESIDENE** Adressa til nettsidene til Noregs Mållag er www.nm.no. Desse sidene skal både vere ein utoverretta nyhendeportal og ein intern organisasjonsportal. Nettsidene skal vere ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg og dei som tilfeldigvis er innom. Det vert jamt arbeidd med å utvikle sidene både i struktur og innhald. Sidene vert stort sett oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyringsfråsegner og andre aktuelle tekstar.

Då Noregs Mållag gjekk over til nye nettsider på nyåret i 2006, var det tenkt at sidene også skulle gje rom for at fylkes-, yrkes- og lokallag skulle få seg eigne nettsider. Til no har desse laga kome i gang med eigne nettsider der dei sjølve publiserer nytt stoff: Mediemållaget, Juristmållaget, Nordmøre Mållag, Teatermållaget, Mållaget i Kristiansand og Stord Mållag. Det er laga ein eigen brukarmal for nye brukarar av publiseringssystemet, og det vert arbeidd med opplæring på førespurnad, slik at fleire lag kan få eigne nettsider.

I det komande arbeidsåret bør ein vurdere kor lett det er å lære publiseringssystemet og kor greitt det er å få oppdatert lagssidene i det daglege. Ut frå desse vurderingane lyt ein sjå om ein skal gå inn på andre og kanskje enklare publiseringssystem for lokallaga.

Heimesidene har om lag to tusen til tre tusen unike brukarar i løpet av ein månad. I løpet av ein dag er det om lag 130-150 unike brukarar innom sidene. Med jamne mellomrom ser me at media plukkar opp saker henta frå nettsidene våre. Nettsidene ser dimed ut til å fungere som ein viktig informasjonskanal frå og til Mållaget. Eit anna godt brukt nettilbod er Krambua. Her kan ein tinge både bøker, materiell og profileringstilfang, og Krambua har hatt nær 200 kundar årleg dei siste åra.

**PRESSEMELDINGAR**

- Håpar fusjon vil gje nynorsk i Aftenposten, 04.03.08
- Hege Myklebust tek attval i Mållaget, 23.03.08
- Nynorskklasse.no lansert! 09.04.08
- Vassendgutane gjer suksess på nynorsk, 18.04.08
- Informasjon om landsmøtet i Noregs Mållag, 22.04.08
- Tre idear til statsråd Solhjell, 25.04.08
- Nynorsk barnelitteratupris 2007 til Godnattboka, 25.04.08

• Nynorsk litteraturpris 2007 til Frode Grytten, 25.04.08
• Målblome til Lise Lunde Nilsen og Terje Torkildsen, 26.04.08
• Målpris til Halvor Folgerø og Finn Tokvam, 27.04.08
• Offensivt mållag vil ha meir nynorsk, 27.04.08
• Gje morsmålsopplæringa eit lyft, 27.04.08
• Manglande nynorskopplæring gjev dårlegare integrering, 14.05.08
• – Kommunane må rydde opp i eigen språkbruk, 22.05.08 (saman med Nynorsk kultursentrum og LNK)
• Mållaget vil ha nynorsk landslagslogo, 22.05.08
• - Jubileet me ikkje vil ha, 23.05.08
• Super språkmelding for nynorsken, 27.06.08
• - Marknadsmakta kan sikre nynorske lærebøker, 17.08.08 (saman med NMU)
• - Gje oss lommerusket ditt, Bård Vegar!, 31.08.08 (saman med NMU)
• - Ikkje overraska over nynorsk-manglar, 11.09.08 (saman med NMU)
• Ja til to eksamensdagar i norsk, 16.09.08
• Nynorskelevane utan ekstra løyving, 07.10.08
• Viktig nynorskløyving frå regjeringa, 23.10.08
• To eksamensdagar i norsk, 31.10.08
• Nynorsk næringslivspris 2008 til Kari Traa AS, 05.12.08
• Noregs Mållag heidrar Ole Danbolt Mjøs, 09.12.08
• Skivebom å fjerna obligatorisk norsk, 06.02.08
• Skuffa over Tine, 09.03.2009

**DEBATTINNLEGG**

• Debatt i Dag og Tid, mellom Ottar Grepstad og Hege Myklebust / Ingunn Hansejordet, sept 2008
Om tilsette i Samlaget bør vere etniske nynorskingar.
• Slepp nynorsken til!, innlegg i Dagbladet, 24.01.08

**PRESSEOPPSLAG** I det daglege arbeidet er styret oppteke av at Mållaget skal markere seg som ein aktør i samfunnsdebatten. Det er også viktig å nå ut i media med våre saker, for å få meir gjennomslag i til dømes politiske organ lokalt og nasjonalt. I denne årsmeldinga tek me ikkje føre oss dei presseoppslaga fylkes-, yrkes- og lokallaga våre har fått til. Det er fleire lag som arbeider godt med pressa, og det kan sjå ut til at det er mange lag som er opptekne av å ha eit godt samarbeid. Dette er veldig bra og gjev Mållaget mykje positiv omtale gjennom året.

Lista er sett opp med dato, stikkord om saka eller overskrifta, kven i Noregs Mållag som vart intervjua og kvar saka har vore på trykk. Me har sett saman ei liste der me har prøvd å få med oss dei viktigaste presseoppslaga i perioden. Oversynet strekkjer seg frå 1. mars 2008 til 17. februar 2009.

04.03.08 Forlaga fråskriv seg ansvar, 8 av 100 lettlestbøker er på nynorsk, NRK Sogn og Fjordane, Sunnmørsposten
07.03.08 Full stopp for nynorsk-forsøk, ANB
07.03.08 Bergenstesten på nynorsk, Sunnmørsposten
14.03.08 Vil sprite opp nynorskundervisninga, Myklebust, Nationen
26.03.08 Hege Myklebust tek attval i Mållaget, NPK, Fjordabladet, Nationen
26.03.08 Intervju med Hege Myklebust, Nationen
27.03.08 Bente Riise innstilt til styreplass i Noregs Mållag, Vikebladet Vestposten
01.04.08 Lansering av nettportal, nynorskklasse.no, Rogalands Avis, Stavanger Aftenblad, NRK Sveip, Utdanning, Avisa Nordhordland
17.04.08 Hege Myklebust tek attval, intervju i Dag og Tid
18.04.08 Ros til Vassendgutane, Myklebust overrekte blomar for god bruk av dialekt og nynorsk, Kvinnheringen, Sunnmørsposten, NRK Møre og Romsdal, Nationen
18.04.08 Hege Myklebust intervjua om sak om ein student som ikkje fekk nynorskeksamen ved Høgskulen i Oslo, NRK Østlandssendingen
21.04.08 Debatt mellom Hege Myklebust og Lena Jenssen (SV) om eksamensordninga for ungdomsskulen, der ein frå i år skal prøvast i nynorsk og bokmål same dag, NRK P1 Her og Nå
24.04.08 Solhjell til Stavanger, Rogalands Avis,
25.04.08 Nynorsk i hundre på Høle, Stavanger Aftenblad
25.04.08 Intervju med Hege Myklebust i NRK Rogaland
25.04.08 Godnattboka fekk nynorsk bokpris, Sogn Avis
25.04.08 Intervju med Øystein Runde og Hege Lothe på NRK Møre og Romsdal
25.04.07 Nynorskpris til Frode Grytten, ANB-NTB, 37 aviser
25.04.08 Ser alvorleg på nynorskbokmangel, Nationen,
25.04.08 Solhjell åpner for tidligere nynorskundervisning, Stavanger Aftenblad,
25.04.08 Vil ha nynorsk for niåringar, ANB-NTB (52 aviser)
25.04.08 Møter nynorskforkjemparar, Sogn Avis (Bård Vegar Solhjell til mållagslandsmøte)
25.04.08 For slappe med nynorske læremiddel, Firda
26.04.08 Målblomster til lærer og elev ved Våland skole, NTB-melding
27.04.08 Vil ha reell språkleg jamstelling, Sogn Avis
27.04.08 Målprisen til Folgerø og Tokvam, NTB-melding, (38 aviser)
27.04.08 Målpris til Tokvam og Folgerø, NRK Sogn og Fjordane – radio og nettet
28.04.08 Intervju med Hege Myklebust, Finn Tokvam og Halvor Folgerø, i NRK Sogn og Fjordane

28.04.08 Vil likestille nynorsk med bokmål, Myklebust, ungsida til Nettavisen; www.yeye.no,
28.04.08 Mållaget vil styrke morsmålsopplæringa, ANB-NTB-melding, 31 aviser
29.04.08 Stipend til nynorsk teikneserie, Nationen
29.04.08 Moderne nynorsk, Driva, (leiarteig i Driva)
29.04.08 Norsk Salmebok – Vikebladet Vestposten, notis
30.04.08 Hege Myklebust intervjua om det nye arbeidsprogrammet, Nationen
06.05.08 Myklebust intervjua om at ti foreldre vil ha bokmålsklasse i Gudbrandsdalen, NRK Hedmark/ Oppland (radio), Øvregård intervjua om same saka på distriktsnyhende frå NRK Hedmark/Oppland.
31.08.08 – Gje oss lommerusket ditt, Bård Vegar!, NRK Sogn og Fjordane, Nationen,
13.09.08 Slit med å få nynorske lærebøker fram i tide, Nationen
13.09.08 Fylke kjøpte bøker ulovleg, NRK Sogn og Fjordane
16.09.08 - Ja til to eksamensdagar i norsk, NRK Sogn og Fjordane, Vikebladet Vestposten og Laagedalsposten.
25.09.08 Protestar mot mindre nynorsk, intervju med Myklebust om ny salmebok, Vårt Land
02.10.08 Selger seg på nynorsk, Om nynorskbruk i reklamen i næringslivet, Myklebust, Dagens Næringsliv
02.10.08 Nynorsk i reklamen (oppfølging av saka frå DN), Øvregård, NRK Kulturnytt (fjernsyn)
02.10.08 Nynorsk på Notodden, Morken Endresen vart intervjua på direkten om skulemålsrøystinga i Notodden, NRK Østnytt (fjernsyn),
06.10.08 10 millionar til nynorskinstitusjonar, NTB-melding med lekkasje frå statsbudsjettet
08.10.08 Første nynorske mediedager, Dagens Medier
09.10.08 Nynorsk redaktørpris, ANB-NTB + 38 kjelder
13.10.08 Støtte på leiarplass til kampanjen vår kring Vestlandsrevyen, Sogn Avis
16.10.08 Eit hjarte for nynorsken, portrettintervju med Myklebust, Innsida (lokalavis i Sunnhordland)
20.10.08 Hjelper mållaget, Vestlandsrevyen kan auka medlemstalet, Kvinnheringen
21.10.08 Revy med mål, Samarbeidet mellom Mållaget og Vestlandsrevyen, Åndalsnes Avis
22.10.08 Millioner til nynorsk, nynorskutspelet frå regjeringa, ANB-NTB – 48 aviser, TV2
26.10.08 Viktig bidrag til nynorsken, siterer Myklebust og peikar på kor viktige nynorske lærebøker er, leiarteig i Sogn Avis
31.10.08 Siger for nynorskelevane (om to eksamensdagar i norsk), NRK Sogn og Fjordane, Sunnhordland, bladet Utdanning, Hallingdølen, Sogn Avis, Firdaposten og Fjordenes Tidende
06.11.08 - Innvandrarane i Vågå bør lære nynorsk, NRK radio, NRK Dagsrevyen, Gudbrandsdølen Dagningen, P4, NRK Hedmark og Oppland
28.11.08 Nynorskstipend for 100.000 kroner, NPK, Nationen, Hallingdølen
04.12.08 - Dei bør straffast, om oppfølging av Mållova. Myklebust, Bergens Tidende
05.12.08 Kari Traa fekk Nynorsk næringslivspris 2008, NPK, Nationen, BT, Stavanger Aftenblad, BA, Hardanger Folkeblad, Avisa Hordaland, Dagbladet. VG Nett, pluss notisar i fleire aviser
08.12.08 Brukar ikkje nynorskversjon, Helse Vest, NAV Sogn og Fjordane brukar ikkje kontorstøtteprogram på nynorsk endå dei har tilgang til dette. Myklebust, NRK Sogn og Fjordane
10.12.08 For dårleg av Helse Vest, oppfølging av saka, der også Jan Hoel i Språkrådet er samd med Noregs Mållag, NRK Sogn og Fjordane
10.12.08 Noregs Mållag heidra Mjøs, Vårt Land, Nordlys, Utdanning, Bladet Tromsø og VG.
12.12.08 Ny giv for nynorsk i fylkeskommunen, sak i fylkestinget der representantar frå KrF og SV får gjennom sak der Oppland skal bruke meir nynorsk i administrasjonen, Oppland Arbeiderblad
Veke 52 Om å ha samisk i plassen for sidemål, Jon Todal intervjua, Dag og Tid, NPK, Aftenposten, Nationen.
02.01.09 Samisk til alle, Jon Todal utfordrar alle kommunane i Finnmark til å velje samisk læreplan, NRK Troms og Finnmark.
03.01.09 Nynorsk taper terreng, Statistikken syner at det vert færre nynorskelevar, både i prosent og absolutte tal. BT, Aftenposten, NRK Rogaland, P4, Tønsberg Blad, Finnmark Dagblad. Hardanger Folkeblad melder om meir nynorsk i Odda. Leiarteig i BT.
03.01.09 Facebook på nynorsk, Nationen og nettsidene til NRK Sogn og Fjordane
21.01.09 Dramatisk færre nynorskelever, Trønder-Avisa, Myklebust
06.02.09 Norsk i lærarutdanninga, NRK Fjernsynet Morgonnytt, Morken Endresen
20.02.09 Mållaget slår tilbake, Haugesunds Avis, Øvregård meiner det er tull å oppmode om å nytte bokmål i køyreopplæringa
23.02.09 Ønskjer meir nynorsk i barnehagen, Bladet Utdanning, Stavanger Aftenblad, Arnøy
09.03.09 Tapte kampen om mjølka, NTB/ANB, 78 aviser

# Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

## *Heidersmedlemer*

Heidersmedlemer i Noregs Mållag er no Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen, Bjørnar Østgård, Marie Lovise Widnes, Audun Heskestad og Berge Furre. Heidersmedlem Magne Rommetveit gjekk bort i januar 2009, 90 år gamal.

## *Styret og arbeidsutvalet*

Styret og arbeidsutvalet i arbeidsåret har vore:

*Leiar:* Hege Myklebust (AU)
*Nestleiar:* Håvard Øvregård (AU)
*Styremedlemer:* Jon Todal (AU), Bente Riise, Olav Kuvås, Aud Søyland og Jens Kihl (NMU).
*Varamedlemer:* 1. Gudrun Kløve Juuhl, 2. Håkon Giil, 3. Reza Rezaee, 4. Marit Aakre Tennø, 1. Maria Kristine Svendsen (NMU) og 2. Astrid Marie Grov (NMU).

Styret har hatt 7 møte og handsama kring 90 saker når arbeidsåret er over. Dei viktigaste sakene i styret har vore innspel til og oppfølging av stortingsmeldingane Mål og meining og Språk bygger broer, organisasjonsbyggings-/vervetiltak og skulepolitiske saker, særleg målbyteprosjektet i Valdres.

Arbeidsutvalet har hatt 5 møte og handsama kring 20 saker når arbeidsåret er over. AU har også hatt ein del uformell kontakt på telefon og epost.

Hege Myklebust har vore frikjøpt i 50-70 prosent stilling i arbeidsåret.

## *Landsrådet*

Landsrådet har hatt eitt møte og drøfta 8 saker. Dei viktigaste sakene har vore stortingsvalet i 2009 og kampanje for nynorsk i andre friviljuge organisasjonar.

## *Valnemnda*

Valnemnda i arbeidsåret har vore:

*Leiar:* Karstein Bjørge
*Medlemer:* Jo Heinum, Ragnfrid Trohaug, Nina Berge Rudi og Hans Petter T. Strøm de Fine (NMU)
*Varamedlemer:* 1. Unn Røyneland, 2. Veronika Bonaa, 3. Oddmund Hoel, Vebjørn Sture (NMU) og Ulrikke Sægrov (NMU)

## *Skrivarstova*

Tilsette i arbeidsåret har vore:

*Dagleg leiar:* Gro Morken Endresen
*Økonomikonsulent:* Berit Krogh
*Informasjonskonsulent:* Hege Lothe (80 % stilling til 1. september 2008, fødselspermisjon frå 1. mars 2009)
*Informasjonskonsulent:* Kjartan Helleve (80 % til 31. desember 2008, 100 % frå 2009)
*Skulemålsskrivar:* Ingar Arnøy
*Organisasjonskonsulent:* Magnus Bernhardsen
*Fyrstesekretær:* Else Elise Sætre Bullus (50 %)
*Datakonsulent:* Tarjei Vågstøl (20 %)

*For første gong i norsk historie har i dag eit fleirtal av alle nordmenn hatt skriftleg undervisning i nynorsk.*
St.meld.nr. 35 Mål og meining

# Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2008-2009. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

**NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS**
Nana Rise-Lynum, 06-09
Sofie Braut, 07-10
Ketil Kolstad, 08-11

**NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS**
Morten Haugen 05-09

**FONDET FOR NORSK MÅLREISING**
Hallgrim Berg, 03-07, 07-09
Håvard Teigen, 03-07, 07-09
Toril Nicolaisen, 03-07, 07-09

**RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM**
Grete Riise, 01-07, 07-09
*Vara:* Åsmund Lien, 08-09

**RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD**
Gro Morken Endresen, 05-07, 07-09
Ingeborg Mjør, 05-07, 07-09
*Vara:* 1 Gard Espeland, 07-09
2 Magnhild Selås, 07-09

**STYRET FOR NORSK BARNEBLAD**
Kjartan Helleve, 07-09
*Vara:* Siri Moe, 07-09

**STIFTINGA PIRION**
Viviann Kjøpstad, 07-09

**MÅLPOLITISK RÅD FOR DET NORSKE TEATRET**
Rutt Trøite Lorentzen, 01-07, 07-09
Nils Moldøen, 06-08, 08-10
Berit Rekve, 08-10
Ragnhild Vannebo, 06-08, 08-10
Endre Brunstad, 07-09
*Vara:*
Paul Ottar Haga, 03-07, 07-09
Ragnhild Bjørge, 07-09

**STIFTINGA MAGASINETT**
Viviann Kjøpstad, 07-09

**NYNORSK PRESSEKONTOR**
Jan Atle Stang, 03-07, 07-09
Håvard Teigen, 06-08, 08-10
*Vara:* Sjur Mossige, 07-09
Sindre Humberset, 08-10

**HALLDOR O. OPEDALSFOND**
Steinulf Tungesvik, 08-12

**AKADEMIFONDET I RAULAND**
Rune Christenson, 06-09

**OSLO NYE SPAREBANKS FOND**
Håvard Teigen, 04-07, 07-10
*Vara:* Erik Bolstad, 04-07, 07-10

**ANNE RØFLO LONGA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND**
Håvard Teigen, 02-06, 06-08, 08-10
*Vara:* Toril Nicolaisen, 02-06, 06-08, 08-10

**RIKSFONDET FOR NYNORSK PRESSE**
Inger Johanne Sæterbakk, 07-09
Erling Lægreid, -09

**VESTMANNAFONDET**
Åsmund Lien, 06-08, 08-10

**JURY FOR NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS, ALLE 06-08**
Berit Rekve (leiar)
Jørn Lekve
Christian Sulheim
Anne Karin Sveinall
Liv Krumsvik




# *Reiseverksemda*

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

| Dato | Stad | Tilskiping | Representant |
|---|---|---|---|
| 08.03.2008 | Byrkjelo | Årsmøte i Sogn og Fjordane Mållag | Lothe |
| 24.-25.03.2008 | Askøy | Møte med Fauskanger og Træet skular | Arnøy |
| 30.03.2008 | Stavanger | Lansering av nynorskklasse.no | Myklebust |
| 15.04.2008 | Skien | Lagsmøte Mållaget Dag | Arnøy |
| 17.04.2008 | Bergen | Konferansen "nynorsk i opplæringa". | Arnøy |
| 19.04.2008 | Oslo | Ope debattmøte i Lærarmållaget | Arnøy |
| 24.04.2008 | Høle skule | 100-årsmarkering av nynorsk på skulen | Myklebust, Lothe |
| 30.04.2008 | Hovdebygda | Opning av ny utescene | Myklebust, Lothe |
| 06.05.2008 | Askøy | Møte med rektorar | Arnøy |
| 07.05.2008 | Bergen | Nynorskkurs | Arnøy |
| 08.05.2008 | Stavanger | Nynorskkurs | Arnøy |
| 21.05.2008 | Oslo | Nynorsk forum | Myklebust |
| 21.05.2008 | Oslo | Møte med Løvebakken Mållag | Myklebust |
| 21.05.2008 | Oslo | Utdanningsdirektoratet, læremiddelutvalet | Endresen |
| 24.05.2008 | Bergen | Litterære festspel | Myklebust, Helleve |
| 02.06. 2008 | Kristiansand | Møte med Mållaga på Agder om skulemål | Arnøy |
| 03.06.2008 | Kristiansand | Møte med norskseksjonen på Universitetet i Agder | Arnøy |
| 19.06.2008 | Skien | Generalforsamling Dag Bondeheim | Endresen |

| Dato | Stad | Tilskiping | Representant |
|---|---|---|---|
| 25.06.2008 | Kaupanger | Møte med reiselivsnæringa i Sogn | Lothe |
| 25.-27.06.2008 | Hovdebygda | Dei nynorske festspela | Myklebust, Øvregård, Todal, Riise, Søyland, Kihl, Juuhl, Kuvås, Endresen, Lothe |
| 11.07.2008 | Aurland | Pressekurs på målungdomsleir | Lothe |
| 18.07.2008 | Trondheim | Møte med norskavdelinga ved lærarutdanninga | Arnøy |
| 21.07.2008 | Trondheim | Møte med Nidaros mållag om parallellklassearbeid | Arnøy |
| 24.07.2008 | Lillesand | Årsmøte i Noregs Ungdomslag | Kihl |
| 20.08.2008 | Sandnes | Nynorskkurs ved Forus vgs | Arnøy |
| 21.08.2008 | Sandnes | Møte med Sandnes Mållag | Arnøy |
| 25.08.2008 | Skien | Styremøte Dag Bondeheim | Endresen |
| 26.08.2008 | Bergen | Møte med Vestlandsrevyen om samarbeid | Myklebust |
| 27.08.2008 | Oslo | Nynorsk forum | Endresen |
| 29.08.2008 | Oslo | Skuleboknemndi om prosjekt framover | Myklebust, Endresen |
| 01.09.2008 | Fagernes | Møte om målbyteprosjektet i Valdres | Søyland |
| 02.09.2008 | Oslo | Møte med Microsoft | Endresen |
| 05.09.2008 | Stavanger | Nynorskkurs for elevar ved Øksenvad vgs | Arnøy |
| 06.09.2008 | Bryne | Lagssamling i Rogaland Mållag | Arnøy |
| 08.09.2008 | Kristiansand | Nynorskkurs, lærarstudentane på Universitetet i Agder | Arnøy |
| 10.09.2008 | Telefon | Læremiddelnemnda | Myklebust, Endresen |
| 12.09.2008 | Oslo | Utdanningsdirektoratet, læremiddelutvalet | Endresen |
| 18.09.2008 | Skien | Styremøte Dag Bondeheim | Endresen |
| 22.09.2008 | Oslo | Møte med Språkrådet om nytt kontaktforum | Endresen |
| 23.09.2008 | Oslo | Høyring Språk bygger broer | Myklebust, Endresen |
| 24.09.2008 | Fagernes | Møte om målbyteprosjektet i Valdres | Søyland, Riise, Kihl, Arnøy |
| 26.09.2008 | Hovdebygda | Årstale og open høyring om st.meldingane | Myklebust, Endresen, Lothe |
| 29.09.2008 | Telefon | AU-møte | AU |
| 01.10.2008 | Oslo | Møte med st.repr. Åsa Elvik om st.meld. | Øvregård, Endresen |
| 03.10.2008 | Oslo | Barne- og ungdomsavdelinga NRK | Endresen |
| 07.10.2008 | Oslo | Møte med Akademifondet | Øvregård, Endresen |
| 08.10.2008 | Stord | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |
| 09.10.2008 | Radøy | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |
| 09.10.2008 | Oslo | Statssekretær i KD, Lisbeth Rugtvedt | Endresen |
| 10.10. 2008 | Bergen | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |
| 10.-12.10.2008 | Oslo | Dei nynorske mediedagane | Alle |
| 15.10.2008 | Bømlo | Vervekampanje Vestlandsrevyen | Myklebust |
| 15.10.2008 | Oslo | Forum for nynorsk i opplæringa | Endresen |
| 16.10.2008 | Stord | Vervekampanje Vestlandsrevyen | Myklebust |
| 16.10.2008 | Oslo | Nynorsk forum | Endresen |
| 16.10.2008 | Landvik | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |
| 17.10.2008 | Oslo | Språkrådet om offentleg målbruk | Endresen |
| 17.10.2008 | Kristiandsand | Sørlandske lærarstemna | Arnøy |
| 18.10.2008 | Mongstad | Kurs i Hordaland Ungdomslag | Bernhardsen |
| 20.10.2008 | Bø i Telemark | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |
| 20.10.2008 | Gvarv | Møte med Nes Mållag om folkerøysting Gvarv skule | Arnøy |
| 21.10. 2008 | Bryne | Møte om Garborgsenteret | Myklebust |
| 21.10. 2008 | Oslo | Høyring, dok 8-framlegg om endringar i stadnamnlova | Øvregård, Arnøy |
| 22.10.2008 | Hovdebygda | Pressekonferanse om nynorske læremiddel | Endresen |
| 22.10.2008 | Sunndal | Møte med Sunndal kommune | Arnøy |
| 23.-24.10.2008 | Åndalsnes | Nynorskkurs for offentleg tilsette | Arnøy |
| 27.10.2008 | Fredrikstad | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |
| 28.10.2008 | Hemsedal | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |

| Dato | Stad | Tilskiping | Representant |
|---|---|---|---|
| 28.10.2008 | Førde | Møte med stiftingstilsynet | Endresen |
| 28.10.2008 | Oslo | Møte med Utdanningsforbundet om lærarutdanninga | Myklebust, Arnøy |
| 29.10. 2008 | Vang i Valdres | Møte med Rolf Theil | Bernhardsen |
| 01.11.2008 | Tromsø | Lagssamling i Troms og Finnmark Mållag | Todal |
| 07.11.2008 | Stryn | Vervekampanje Vestlandsrevyen | Lothe |
| 03.-09.11.2008 | Stord | Falturiltu – nynorsk barnelitteraturfestival | Myklebust |
| 04.-05.11.2008 | Trondheim | Nynorskkurs for studentar NTNU | Arnøy |
| 05.11.2008 | Oslo | Medlemsfordelsutvalet | Endresen |
| 06.11.2008 | Oslo | Møte med Samlaget og Nynorsk kulturs. om læremiddel | Endresen |
| 11.11.2008 | Oslo | Høyring Mål og meining | Øvregård, Endresen |
| 13.11.2008 | Skien | Styremøte Dag Bondeheim | Endresen |
| 15.11.2008 | Tingvoll | Lagssamling Nordmøre Mållag | Arnøy |
| 18.11.2008 | Oslo | Møte med ABC Startsida om nettavis | Endresen, Helleve |
| 19.11.2008 | Fagernes | Møte om målbyteprosjektet i Valdres | Søyland, Arnøy |
| 19.11.2008 | Tlf | Medlemsfordelsutvalet | Endresen |
| 24.-27.11.2008 | Budapest | Stabsseminar | Myklebust + alle |
| 03.12.2008 | Foreldremøte parallellklassearbeid Ålgård skule | | Arnøy |
| 04.12.2008 | Oslo | Kontaktforum i Språkrådet | Endresen |
| 09.-11.12.2008 | Oslo | Nynorskkurs for dei tilsette | Alle |
| 10.12.2008 | Oslo | Barne- og ungdomsavdelinga NRK | Endresen |
| 11.12.2008 | Skien | Styremøte Dag Bondeheim | Endresen |
| 15.12.2008 | Oslo | Møte Forleggerforeningen og NMU om læremiddel | Endresen |
| 12.01.2009 | Oslo | Tine Meierier om språkbruk | Øvregård, Endresen, Helleve |
| 15.01.2009 | Skien | Styremøte Dag Bondeheim | Endresen |
| 22.01.2009 | Bergen | Møte skulemålsnemnda Hordaland Mållag | Arnøy |
| 29.01.2009 | Oslo | Nynorsk forum | Endresen |
| 02.02.2009 | Sand | Møte med ordførarar i Ryfylke | Arnøy |
| 02.02.2009 | Suldal | Kurs i nynorsk for foreldre Nesflaten skule | Arnøy |
| 03.02.2009 | Suldal | Føredrag for elevar, Erfjord skule | Arnøy |
| 03.02.2009 | Suldal | Føredrag for elevar, Vinjar skule | Arnøy |
| 03.02.2009 | Suldal | Møte med lærarane Vinjar skule | Arnøy |
| 03.02.2009 | Suldal | Kurs i nynorsk for foreldre | Arnøy |
| 04.02.2009 | Sauda | Føredrag for elevar Sauda vgs | Arnøy |
| 04.02.2009 | Sauda | Føredrag for elevar Sauda ungdomsskule | Arnøy |
| 04.02.2009 | Sauda | Møte med lærarane Sauda vgs | Arnøy |
| 04.02.2009 | Tlf | Møte om adm av Longvafondet | Endresen, Krogh |
| 05.02.2009 | Klepp | Årsmøte Klepp Mållag | Myklebust |
| 17.02.2009 | Sandnes | Årsmøte Sandnes Mållag | Arnøy |
| 17.02.2009 | Stord | Årsmøte Stord Mållag | Myklebust |
| 18.02.2009 | Tromsø | Årsmøte Tromsø Mållag | Kihl |
| 18.02.2009 | Os | Årsmøte Os Mållag | Myklebust |
| 20.02.2009 | Oslo | Høyring st.meld. 11 om lærarutdanninga | Myklebust, Endresen |
| 24.02.2009 | Sandefjord | Årsmøte Sandefjord og Sandar Mållag | Helleve |
| 24.02.2009 | Skien | Årsmøte Mållaget Dag | Øvregård |
| 03.03.2009 | Sandane | Møte i Gloppen Mållag | Lothe |
| 04.03.2009 | Skaun | Møte med kommunen: vilkår for nynorskelevar | Arnøy |
| 14.03.2009 | Stavanger | Årsmøte Rogaland Mållag | Øvregård |
| 15.03.2009 | Fagernes | Årsmøte Valdres Mållag | Øvregård |
| 21.03.2009 | Haugesund | Årsmøte Haugesund Mållag og Ungdomslag | Myklebust |
| 22.03.2009 | Bergen | Årsmøte Hordaland Mållag | Myklebust |
| 29.03.2009 | Tysvær | Årsmøte Karmsund Mållag | |

# Økonomi

## Økonomiarbeidet

Dei viktigaste inntektene for målrørsla både lokalt og sentralt er i dag knytte til årspengar, gåver og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Men sjølv om medlemstalet er svært stabilt, er inntektene altfor konstante til å halde tritt med den kostnadsutviklinga som fylgjer av auka drifts- og lønskostnader. Dei siste to åra har vi vore så heldige å få eit naudsynt og kraftig lyft i statsløyvinga vår på totalt 700 000 kroner, eit lyft som var heilt naudsynt for at Mållaget skal kunne halde drifta på dagens nivå også dei næraste åra. Kravet til ein god, profesjonell administrasjon aukar i alle organisasjonar, og lønskostnader utgjer ein stor del av dei samla kostnadene. Driftstilskotet frå staten nærmar seg no ein tredel av dei samla inntektene våre, og Mållaget bør sjå på korleis andre inntekter kan auke i takt med statsløyvinga slik at vi held fast ved den økonomisk frie stillinga vi har hatt i heile historia vår.

## Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2008 viser eit overskot på kr 22 000, medrekna finansinntekter. Det var budsjettert med eit overskot på kr 87 000 som styret i seinare revisjonsvedtak reduserte til eit underskot på 180 000 fordi utgifter som var budsjetterte i 2007, fyrst kom i 2008. Hell med både inntekter og utgifter har likevel gjeve eit overskot i 2008. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 1 630 000. Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag seks gonger så høg. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

**SAL AV MATERIELL**
Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2008 var servise, aksjonspakker til lokallaga og bøker.

**NORSK TIDEND**
Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2008. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet vart dårlegare enn budsjettert. Det er truleg råd å selje fleire lysingar, men det er tidkrevjande arbeid for etter måten låge ekstrainntekter. Tingartalet har vore stabilt i fleire år, utan særleg framstøytar for å auke det.

**KULTURLOTTERI**
Lotteriet er tufta på friviljug sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. I 2008 selde laga 2 810 lodd, og medlemene kjøpte 10 955 lodd direkte frå skrivarstova. Det vart selt 13 765 lodd av 20 000. Dette salet var lågare enn budsjettert. Lotteriet blei avslutta 31.12.08.

**MEDLEMSPENGAR**
Talet på medlemer endra seg med xxx i 2008. Samla sett vart det ein liten inntektsauke samanlikna med året før, sjølv om vi har eit godt tilbod til nye medlemer på berre 200 kroner for det fyrste året.

**PRISAR OG STIPEND**
100 000 kroner er løyving frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordninga er årviss. 10 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske Teatret for Nynorsk litteraturpris som vi står saman om å dele ut.

**MØTE- OG SEMINARINNTEKTER**
Denne posten inneheld landsmøteavgift og seminaravgift. I landsmøteavgifta ligg også reiseutjamninga som vart betalt inn saman med sjølve landsmøteavgifta.

**TENESTESAL**
Inntekter på nynorskkurs som skrivarstova kan tilby.

**MÅLGÅVER**
Gåver over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend.

**STATSTILSKOT**
Driftstilskot frå Kulturdept. på 2 417 000 kroner, i tillegg fekk me 223 455 kroner frå Utdanningsdept. til «ålmenne føremål i grunnskulen».

**LØYVINGAR OG GÅVER**
Løyvingar og gåver til prosjekt og konkrete arbeidsoppgåver, i hovudsak frå fond og legat. I 2008 fekk vi støtte til Rolf Theil-turne og til arbeid med læremiddelstoda.

**AGDERSATSINGA**
Kostnadene med den tilsette for Agderfylka går gjennom sentrallekken. Inntektene her er innbetaling frå Agder, som svarer til dei kostnadene vi har hatt (synleg på eiga linje under kostnader).

**ANDRE LAGSINNTEKTER**
Lagsbruksavgifta frå Norske Lagsbruk. Ut frå omsetninga i ein del av lagsbrukshusa, vert det rekna ein lagsbruksskatt som går til Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

**LEIGEINNTEKTER**
Leigeinntekter frå skrivarloftet (i Schweigaardsgt 52) og kontorplass til Kringkastingsringen og Norsk Målungdom.

**UTTAK AV VARER**
Gåver til innleiarar og andre.

**YMSE**
Posten inneheld inntektsføring av avsetning til lotterivinstar 2008 og momsrefusjon.

**LØYVINGAR OG GÅVER**

| *Gåver/tilskot over kr 2 000 frå private:* | |
|---|---|
| Oslo Nye Sparebanks Fond | 20 000 |
| **Sum** | **20 000** |

| *Offentlege tilskot:* | |
|---|---|
| Kultur- og kyrkjedepartementet. | 2 517 000 |
| Utdanningsdirektoratet | 223 455 |
| Utanriksdepartementet | 45 000 |
| **Sum, offentlege tilskot** | **2 785 455** |

**MATERIELL FOR SAL**
Det meste av kostnadene her gjeld servise, aksjonsmateriell og bøker innkjøpte for vidaresal.

**NORSK TIDEND**
Om lag 160 000 er utforming og trykk av Norsk Tidend. 320 000 er adresserings- og portokostnader. Elles reiser og kjøp av artiklar og bilete.

**ANDRE TRYKKJEKOSTNADER**
Kostnader med flygeblad og anna materiell til aksjonsbruk.

**KULTURLOTTERI**
I hovudsak vinstar og trykking av lodd. Elles kostnad for løyve og for destruksjon av ikkje selde lodd.

**REFUSJON MEDLEMSPENGAR**
Refusjon av medlemspengar skal gjerast 1. februar kvart år. Refusjon medlemspengar for 2008 er utrekna til totalt 530 000. Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein sats på 40 kroner.

**LØN OG HONORAR**
Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, honorar til revisjon, kursinnleiarar, skribentar i Norsk Tidend og prosjektarbeid. Refusjon av sjukepengar er førd her. Oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under 'Skrivarstova'. Dagleg leiar er plassert i lønssteg 58 i statsregulativet.

**LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER.**

| *Lønskostnader* | 2008 | 2007 |
|---|---|---|
| Løn, feriepengar o.l. | 2 989 467 | 2 759 454 |
| Folketrygdavgift | 418 476 | 361 328 |
| Anna godtgjersle | 139 990 | 107 528 |
| **Sum lønskostnader** | **3 547 933** | **3 228 310** |

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 7

| Godtgjersle 2008 | Dagleg leiar | Styret |
|---|---|---|
| Løn | 411 611 | 231 073 |
| Anna godtgjering | 0 | 0 |
| **Sum godtgjersle** | **411 611** | **231 073** |

**REVISOR**
Kostnadsført revisjonshonorar for 2008 er kr 25 750,-

**TENESTESAL**
Kostnader med å etablere oss på kursmarknaden.

**HUSLEIGE OG STRAUM**
Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førde her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

**DRIFTS- OG KONTORUTGIFTER**
Porto og telefon utgjer kring 425 000 kroner. Restkostnad nytt medlemsregister om lag 320 000 kroner. Elles er det leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellom anna heimesida), rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell.

**PRESSEKLYPP**
Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som sender oss dei fleste presseoppslag om målsak kvar dag.

**PRISAR OG STIPEND**
Posten gjeld to arbeidsstipend à 50 000 kroner, litteraturprisane og Nynorsk næringslivspris.

**LANDSMØTE**
Posten inneheld alle kostnader knytte til landsmøtet; leige av lokale, reise og opphald for styret, tilsette og gjester, og reiseutjamning til utsendingane.

**MØTE- OG REISEUTGIFTER**
Møte- og reiseutgifter i samband med landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser.

**LØYVINGAR OG GÅVER**
Løyving til russebil i Ålesund og til nynorsk klassetur for nynorsklasse på Sagene skole.

**LØYVING NMU**
Driftstilskot til Norsk Målungdom.

**MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 1: SKULEMÅL**
Kostnader i samband med røystingar om skulemålet og anna skulemålsarbeid. Utgiftene knytte til skulemålsarbeidet er tilsynelatande låge. Det kjem av at mykje av arbeidet er vove så tett saman med det daglege arbeidet, at det ikkje alltid vert skilt ut. Samla i 2008 har vi brukt drygt 87 000 kroner på reise- og opphaldskostnader, materiellproduksjon og informasjonsarbeid. Attåt kjem er 100 % stilling som berre arbeider med skulemål.

**MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 2: NÆRINGSLIV**
Kostnader i samband med Nynorsk næringslivspris.

**ORGANISASJONSTILTAK SJEKK**
Løyving til Nordmøre Mållag på 40 000 kroner til organisasjonsbyggjande tiltak og på 18 000 kroner til Mediemållaget. Fellesmøte i Oslo for yrkesmållaga og ei vervelysing på nettet er også førde her.

**FINANSPOSTAR**
Finansposten inneheld renteinntekter frå ymse bankkontoar og tildeling frå Fondet for norsk målreising. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgiftene er gebyr og renter på lån. Høge renteinntekter i fjor grunna rentenivået i marknaden.

| Tal i 1000 kroner | | | | | LM | Styre | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | **REK 04** | **REK 05** | **REK 06** | **REK 07** | **BUD 08** | **BUD 08** | **REK 08** |
| Sal av materiell | 87 | 68 | 240 | 140 | 120 | 138 | 195 |
| Norsk Tidend | 90 | 86 | 176 | 83 | | | |
| Kulturlotteri | 285 | 283 | 309 | 254 | 290 | 300 | 251 |
| Medlemspengar | 2 406 | 2 739 | 2 746 | 2 804 | 2 850 | 2 880 | 2 835 |
| Studiearbeid | 5 | 5 | | | | | |
| Prisar og stipend | | | | 110 | 110 | 110 | 110 |
| Møte-/seminarinntekter | 131 | 125 | 723 | 310 | 347 | 349 | 441 |
| Tenestesal | | | 4 | 7 | 15 | 15 | 7 |
| Målgåver | 716 | 757 | 796 | 755 | 750 | 750 | 806 |
| Jubileumsgåver | | | 341 | | | | |
| Statstilskot | 1 505 | 1 536 | 2 066 | 2 340 | 2 360 | 2 625 | 2 641 |
| Løyvingar og gåver | 382 | 266 | 239 | 89 | 90 | 90 | 65 |
| Agdersatsinga | 208 | 242 | 362 | 184 | 200 | 200 | 199 |
| Andre lagsinntekter | 33 | 31 | 32 | 32 | 32 | 32 | 27 |
| Leigeinntekter | 295 | 113 | 74 | 166 | 190 | 185 | 185 |
| Uttak av varer | 13 | 8 | 10 | 10 | 20 | 20 | 18 |
| Ymse | 157 | 86 | 115 | 62 | 55 | 55 | 54 |
| **Sum inntekter** | **6 310** | **6 345** | **8 233** | **7 346** | **7 569** | **7 869** | **7 917** |
| | | | | | | | |
| **KOSTNADER** | | | | | | | |
| Materiell for sal | 53 | 47 | 231 | 102 | 90 | 88 | 201 |
| Norsk Tidend | | | | 436 | 500 | 490 | 510 |
| Andre trykkjekostnader | 301 | 326 | 414 | 35 | 130 | 130 | 179 |
| Kulturlotteri | 47 | 54 | 52 | 79 | 65 | 70 | 82 |
| Refusjon medlemspengar | 447 | 498 | 500 | 518 | 500 | 500 | 530 |
| Løn og honorar | 3 138 | 3 190 | 3 225 | 2 875 | 3 080 | 3 340 | 3 324 |
| Tenestesal | | | | 8 | 5 | 5 | 9 |
| Husleige og straum | 680 | 559 | 367 | 397 | 375 | 420 | 359 |
| Drifts- og kontorutg. | 967 | 1227 | 1230 | 1 032 | 771 | 1 119 | 1 115 |
| Presseklypp | 56 | 78 | 91 | 77 | 57 | 75 | 69 |
| Prisar og stipend | | | | 132 | 144 | 144 | 130 |
| Landsmøte | 328 | 300 | 1 413 | 462 | 400 | 472 | 630 |
| Styre-/landsrådsmøte | 159 | 188 | | 168 | 190 | 136 | 180 |
| Seminar/konferansar | 75 | 36 | | 77 | 80 | 80 | |
| Andre møte og reiser | 373 | 445 | | 120 | 260 | 170 | 171 |
| Agder-satsinga | | | | 184 | 200 | 200 | 199 |
| Løyvingar og gåver | 34 | 15 | 30 | 1 | 15 | 15 | 6 |
| Løyving NMU | 40 | 45 | 231 | 175 | 175 | 175 | 180 |
| Satsingsområde 1: skulemål | | | | 247 | 180 | 180 | 38 |
| Satsingsområde 2: næringsliv | | | | 18 | 100 | 100 | 22 |
| Organisasjonstiltak | | | | 117 | 200 | 200 | 85 |
| Avskrivingar, tap på krav | 42 | 18 | 7 | 1 | | | 31 |
| **Sum kostnader** | **6 700** | **7 026** | **7 791** | **7 261** | **7 517** | **8 109** | **8 050** |
| | | | | | | | |
| **Resultat før finanspostar** | **-390** | **-681** | **442** | **85** | **52** | **-240** | **-133** |
| | | | | | | | |
| **FINANSPOSTAR** | | | | | | | |
| Utbyte | 42 | 33 | 33 | 53 | 40 | 40 | 58 |
| Aksjevinst | 404 | 1 | 1 | | | | |
| Finansinntekter | 15 | 13 | 24 | 61 | 15 | 40 | 112 |
| Finansutgifter | -21 | -23 | -21 | -22 | -20 | -20 | -15 |
| Sum finanspostar | 440 | 24 | 37 | 92 | 35 | 60 | 155 |
| Ekstraord. inntekter | 108 | 416 | | | | | |
| **RESULTAT** | **158** | **-241** | **479** | **177** | **87** | **-180** | **22** |
| | | | | | | | |
| **Overført eigenkapital** | **7** | **158** | **-241** | **479** | **177** | **87** | **-180** |

# Balanse

| | Notar | 2008 | 2007 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDLAR** | | | |
| Husvære | 1 | 326 070 | 326 070 |
| Inventar | 2 | 141 120 | |
| **Sum varige driftsmidlar** | | **467 190** | **326 070** |
| | | | |
| Fondet for norsk målreising | | 533 000 | 533 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | **533 000** | **533 000** |
| | | | |
| **Sum anleggsmidlar** | | **1 000 190** | **859 070** |
| | | | |
| **OMLAUPSMIDLAR** | | | |
| Varer | 3 | 165 911 | 152 107 |
| | | | |
| Kundekrav | | 294 967 | 207 588 |
| Opptente inntekter | 4 | 200 061 | 184 390 |
| Forskottsbetalte driftskostnader | | 47 593 | 20 865 |
| Fondet for norsk mål | | 100 992 | 44 321 |
| **Sum krav** | | **643 613** | **457 164** |
| | | | |
| Luter | 5 | 151 200 | 151 200 |
| Bankinnskot | 6 | 1 372 077 | 1 529 086 |
| | | | |
| **Sum omlaupsmidlar** | | **2 332 801** | **2 289 557** |
| | | | |
| **SUM EIGE** | | **3 332 991** | **3 148 627** |

| | Notar | 2008 | 2007 |
|---|---|---|---|
| **EIGENKAPITAL** | | | |
| Eigenkapital | | 1 608 044 | 1 431 190 |
| Resultat i perioden | | 21 846 | 176 854 |
| **Sum opptent eigenkapital** | 7 | **1 629 890** | **1 608 044** |
| | | | |
| **SKULD** | | | |
| Gjeldsbrevlån | 8 | | |
| Husfond | 9 | 75 000 | 75 000 |
| **Sum langsiktig skuld** | | **75 000** | **75 000** |
| | | | |
| Leverandørgjeld | | 230 496 | 130 156 |
| Skuldige medlemspengar | | 550 098 | 552 542 |
| Medlemspengar neste år | | 28 175 | 20 460 |
| Nedlagde/sovande lag | | 26 018 | 18 188 |
| Skuldige off.avg./feriepengar | | 535 749 | 450 780 |
| Anna kortsiktig skuld | 10 | 257 565 | 293 457 |
| **Sum kortsiktig skuld** | | **1 628 101** | **1 465 583** |
| | | | |
| **Sum skuld** | | **1 703 101** | **1 540 583** |
| | | | |
| **EIGENKAPITAL OG SKULD** | | **3 332 991** | **3 148 627** |

# Notar

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningsliner i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak. Krava er førte opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

1) Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo. Oppførd verdi kr 326 070,-. Kjøpt for kr 326 070,- i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husveret i Schweigaards gate i februar 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000,-.

2) Datautstyr innkjøp 2008 kr 169 344,-. Avskrive kr 28 224,-. Verdi pr 31.12.08 kr 141 120,-.

3) Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

4) Opptente inntekter inneheld uteståande krav, m.a. medlemspengar frå lag med lokal innkrevjing.

6) Av bank- og postinnskot er kr 112 115,- bundne til skattetrekk. Depositum for husleige 197 619,-.

7) Eigenkapital

| | 2008 | 2007 |
|---|---|---|
| Eigenkapital | 1 608 044 | 1 431 190 |
| Årsresultat | 21 846 | 176 854 |
| Sum eigenkapital 31.12 | 1 629 890 | 1 608 044 |

5) Noregs Mållag har luter i:

| | Kostpris | Bokf. verdi | Likn.verdi |
|---|---|---|---|
| Det Norske Teatret, 23 stk | 11 200 | 0 | 0 |
| Orkla A-aksjar, 276 stk | | 16 200 | 65 412 |
| Dag og Tid, 250 stk | 10 000 | 10 000 | |
| Dag Bondeheim AS, 75 stk | 75 000 | 75 000 | |
| Norsk-Plan AS, 5 stk | 50 000 | 50 000 | |
| | | **151 200** | **65 412** |

Den verkelege verdien av lutane i Dag og Tid, Dag Bondeheim AS og Norsk-Plan AS er usikker.

8) Gjeldsbrevlån Hardingbanken

| | |
|---|---|
| Opphavleg lån frå 1995 (datautstyr) | 500 000 |
| Overf. frå Gjensidige i 1997 (Schweigaards gt.) | 105 000 |
| Rest pr. 31.12.06 | 0 |

Lånet er innfridd.

9) Husfondet består av luter i Dag Bondeheim AS (Skien), 75 000 kr.

10) Kortsiktig skuld inneheld avsetjing til lotterivinstar, avsetjing til revisjonskostnader for 2008 og kostnader i 2008 med forfall i 2009.

# Kulturlotteriet

## Rekneskap 2008

| | |
|---|---|
| Inntekter | |
| Loddsal | 250 410 |
| **Sum inntekter** | **250 410** |
| | |
| Kostnader | |
| Vinstar | 48 206 |
| Trykking | 30 815 |
| Porto | 32 524 |
| Administrasjon | 30 000 |
| Gebyr | 3 396 |
| **Sum utgifter** | **144 941** |
| | |
| **Overskot** | **105 469** |

# Inga og Gjøa Lutros legat

## Rekneskap 2008

| | |
|---|---|
| Renter | 30 255 |
| Overført til Noregs Mållag | 30 255 |

## Balanse 2008

| | |
|---|---|
| **Aktiva** | |
| Bankinnskot | 602 678 |
| | |
| **Passiva** | |
| Legat | 602 678 |

# Fondet for norsk målreising

## Årsmelding

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikre den økonomiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtektene (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarande om lag rente i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikne partar à 1000 kroner og må binde innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 prosent skal plasserast i bankinnskot, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjefond.

Plasseringa i aksjefond vert teken hand om av ein fondsforvaltar. Fondet for norsk målreising betaler 5000 kroner i året for denne tenesta. I 2008 har desse midlane, med frådrag av realisert verdiauke, falle i verdi med 70 251 kroner, det vil seie om lag 6,3 %. Fondsindeksen for Oslo Børs hadde i 2008 ein nedgang på 54 %.

Fondsstyret har vedteke fylgjande for utdelinga av avkastning frå fondet til Noregs Mållag for 2008: Noregs Mållag får ei avkastning på 5 prosent av fondsverdien. Avkastninga vert rekna av verdien ved inngangen av 2008, og utbetalinga til Noregs Mållag vert då 54 675 kroner.

Fondet vert leidd av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsåret har desse sete i fondsstyret: Hallgrim Berg (leiar), Håvard Teigen og Toril Nicolaisen. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har berre hatt telefon- og e-postkontakt i meldingsåret. Det er ikkje teikna nye partar i fondet i 2008, men det er sagt opp to partar. Det er eitt års oppseiingstid på partane, og dei oppsagde partane blir utbetalte i 2009.

Ved utgangen av året, etter utdeling av avkastning til Noregs Mållag, hadde fondsmidelen ein verdi på 962 473 kroner mot 1 093 510 kroner ved utgangen av 2007. Fondet har 224 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 938 partar à 1000 kroner.

## *Resultatrekneskap*

| | 2008 | 2007 |
|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | |
| Bankrenter | 1 109 | 3 117 |
| Renter på obligasjonar | | 259 |
| Urealisert verdinedg. fond | -91 235 | |
| Urealisert verdiauke fond | | 99 326 |
| Realisert forteneste fondsal | 18 766 | |
| Realisert forteneste aksjesal | | 1 100 |
| **Sum inntekter** | **-71 360** | **103 802** |
| | | |
| **KOSTNADER** | | |
| Driftskostnader | 5 002 | 17 034 |
| Utbetalt til Noregs Mållag | 54 675 | 47 438 |
| **Sum kostnader** | **59 677** | **64 472** |
| | | |
| **Overskot/underskot** | **-131 037** | **39 330** |
| Disponert til fri eigenkapital | -131 037 | 39 330 |
| Disponert til andel verdiendring | | |
| Utbetalte partar i rekneskapsåret | | |
| **Sum disponert** | **-131 037** | **39 330** |

## *Balanse*

| | 2008 | 2007 |
|---|---|---|
| EIGEDELAR | | |
| Omløpsmidlar | | |
| Opptente renter | | |
| Sum krav | 0 | |
| | | |
| *Investeringar* | | |
| PENGEMARKEDSFOND | | |
| Diversifiser Norsk Pengemarked | 186 681 | - |
| FO Nordic Private Equity | 75 000 | - |
| AKSJER UTLAND | | |
| FMK Fremvoksende Markeder | 182 011 | 204 689 |
| FMK Råvarer | 0 | 236 272 |
| KAPITALGARANTERTE FOND | | |
| Kapitalsikring IV 04/09 | 287 800 | 252 380 |
| HEDGEFOND | | |
| (UBS NAS)-endra til Navigator Hedge | 130 286 | 170 788 |
| Navigator Hedge | 188 730 | 246 766 |
| OBLIGASJONAR | | |
| 1996/2007 | | - |
| **Sum investeringar** | **1 050 508** | **1 110 895** |
| | | |
| Bankinnskot | 12 957 | 26 936 |
| | | |
| **Sum eigedelar** | **1 063 465** | **1 137 831** |
| | | |
| **SKULD OG EIGENKAPITAL** | | |
| *Opptent eigenkapital* | | |
| Urealisert verdiauke | 155 510 | 116 180 |
| Fondsmidel 01.01 | 938 000 | 938 000 |
| Utbetalte partar -05 | | |
| tilført frå årets resultat | -131 037 | 39 330 |
| Sum fondsmiddel 31.12 | 806 963 | 977 330 |
| **Sum urealisert verdiauke og eigenkapital** | **962 473** | **1 093 510** |
| | | |
| *Skuld* | | |
| Avsett for skuld/ NM | 100 992 | 44 321 |
| Sum skuld | 100 992 | 44 321 |
| | | |
| **Sum eigenkapital og skuld** | **1 063 465** | **1 137 831** |

VARDENS
REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til landsmøtet i
**Fondet for Norsk Målreising**

## REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for **Fondet for Norsk Målreising** for rekneskapsåret 2008 som syner eit årsunderskot på kr 131.037 . Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap og balanse utan opplysningar i notar. Fondet for Norsk Målreising er ikkje pliktig til å følgje rekneskapslova. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av resultatrekneskapen og balansen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, , herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringssskikk i Noreg.

Oslo, den 16. mars 2009
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

P.v. Arne Auster
Per- Arne Auster
Statsautorisert revisor



VARDENS
REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til landsmøtet i
**Inga og Gjøa Lutros Legat**

## REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for **Inga og Gjøa Lutros Legat** for rekneskapsåret 2008 som syner eit årsoverskot på kr 30.255. Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap og balanse utan opplysningar i notar. Inga og Gjøa Lutros Legat er ikkje pliktig til å følgje rekneskapslova. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av resultatrekneskapen og balansen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, , herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringssskikk i Noreg.

Oslo, den 25. februar 2009
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besoksadresse:
Skippergt. 33
www.vardens. no

Telefon: 24 14 12 00
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til landsmøtet i
**Norges Mållag**

## REVISJONSMELDING FOR 2008

Vi har revidert årsrekneskapen for Norges Mållag for rekneskapsåret 2008 som syner eit overskot på kr 21.846. Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap, balanse, og opplysningar i notar. Mållaget er ikkje pliktig til å følgje rekneskapslova. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av resultatrekneskapen og balansen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, , herunder revisjonsstandarder vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ei gjennomgåing av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2008 og av resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk i Norge
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringssskikk i Noreg.

Oslo, den 16. mars 2009
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per- Arne Auster
Statsautorisert revisor



VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til
Noregs Mållag
Oslo Politikammer

## REVISJONSMELDING LOTTERIREKNESKAP 2008

Vi har kontrollert loddlotterirekneskapen for Kulturlotteriet 2008 for Noregs Mållag. Resultatneskapen gjer eit overskot på kr.105.469.

Rekneskapen omfattar lodder solgt fram til utløpsdato 31. desember 2008.

Vi har kontrollert at det føreligg dokumentasjon for samtlege kostnader, inklusive utbetalde gevinstar, og at inntektane er eins med antall solgte lodd. Avviket mellom bokført inntekt og maksimalt tillatt antall solgte antall lodd er verifisert.

Lotterirekneskapen følg de lovar og reglar som regulerar avviklinga av lotteriet.

Oslo, den 25. februar 2009
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
statsautorisert revisor

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besøksadresse:
Skippergt. 33
www.vardens. no

Telefon: 24 14 12 00
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

# Norsk Målungdom

**INNVANDRING OG MANGFALD** Landsmøtet i 2008 på Voss valde dette feltet som øvste prioriteringa i arbeidsprogrammet. Særleg har to saker peika seg ut som viktige arbeidsområde for organisasjonen: Læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar og retten til morsmålsopplæring. I perioden har NMU arbeidd for å endre dette, gjennom mediearbeid, høyringsfråsegner, møte med politikarar og anna påverknadsarbeid. For å skulere organisasjonen skipa NMU til eit vellukka og godt vitja Mangfaldsseminar i Bergen 10.-12. oktober. Mange lokallag har òg teke tak i problemstillingar knytt til innvandring og mangfald.

**INTERNASJONALT ARBEID** I perioden har det internasjonale arbeidet vore høgt prioritert. Jens Kihl og Birgitta Lim Ersland var på studietur til Vest-Sahara i juni 2008, og Maria Svendsen reiste med Ungdom mot EU til Irland for å fylgje folkerøystinga om Lisboa-traktaten på tett hald. 6.-9. november deltok Norsk Målungdom som medtilskipar av Globaliseringskonferansen. NMU har arbeidd ein god del med EU-spørsmål i perioden, og har særleg delteke i Ungdomsalliansen mot Tenestedirektivet.



***AKSJON*** *Irlin Renate Engebø frå Firda Målungdom deler ut flygeblad og drops. (Foto: Hege Lothe)*

**MEDIA** 26. september kunne folk i mange norske byar oppleve nynorsk kinotekst for fyrste gong på 23 år. Som eit direkte resultat av NMU-kampanjen «Dude, where's my språk?» fekk den brasilianske gullbjørn-vinnaren *Tropa de Elite* nynorske undertekstar. NMU har òg mobilisert ungdomspartia på bana i ordskiftet kring momsfritak for aviser utan nynorsk.

**SKULEMÅL** Noko av det viktigaste NMU gjer, er å reise på målferd. Gjennom året har me reist til oppunder 60 skular i 13 fylke, og på denne måten møtt tusenvis av elevar med bodskapen vår. Dette krev mykje ressursar, men gjev gode resultat. Mange elevar ynskjer meir informasjon om oss, og me tek knekken på mange fordomar mot nynorsk og målsak – både mellom nynorsk- og bokmålselevar. Læremiddel er den einskildsaka som kanskje fengar aller sterkast i medlemsmassen. Dette året har NMU prioritert å arbeide politisk med saka, og i nært samarbeid med Noregs Mållag og resten av målrørsla oppnådd konkrete resultat.

**DIALEKTKAMPANJE** Hovudkampanjen i arbeidsåret har vore «Respekt for dialekt!». Føremålet med kampanjen er å få fleire ungdomar til å halde på og vere stolt av dialekten sin, og syne at dialektane over heile Noreg heng saman gjennom det nynorske skriftspråket. Dette arbeidet er særs viktig, og planen er å arbeide vidare med mellom anna eit dialektopplegg for skulebruk.

**ORGANISASJON** I året som gjekk fekk NMU vidare vekst i medlemstalet, medan talet på lokallag gjekk noko ned. Me ser ei klar utvikling i retning av at fleire lokallag og aktivistar no er i dei nynorske kjerneområda. Sentralstyret i perioden har sett slik ut: Jens Kihl (leiar), Maria K. Svendsen (politisk nestleiar), Ulrikke Sægrov (organisatorisk nestleiar), Vebjørn Sture (økonomiandsvarleg), Janne Nygård (skrivar), Birgitta Lim Ersland og Leif Arne Storset (styremedlemer). Fram til sumaren var Vebjørn Sture sivilarbeidar, medan Bror-Magnus Sviland Strand tok over denne posten i september. Organisasjonen hadde ei omsetjing på 1,7 millionar kroner, og rekneskapen gjekk i balanse. Limet i organisasjonen er tilskipingane, og i året som gjekk, kunne medlemene våre vere med på både vinterleir, studentsamling, mangfaldsseminar og sumarleir. Desse tilskipingane blei alle som éin oppsummerte som særs vellukka, og skaffa organisasjonen mange nye aktivistar.

# Nærskylde tiltak

## *DAG OG TID*

*www.dagogtid.no*

Dag og Tid AS gjev ut den frie vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Innanfor dei litterære miljøa i Noreg er Dag og Tid ei mykje lesen avis.

Dag og Tid kom i 2008 ut med 52 nummer i 48 utgåver. Opplaget kom i 2008 opp i 7233 - litt meir enn året før. Dei siste fem åra har opplaget auka meir enn 700, eller meir enn ti prosent.

Selskapet gjev også ut Ivar Aasen-almanakken og Nøkkel til nynorsk. I 2008 kom ei ny utgåve av "steingrunnboka" - utvalde ordspel frå baksida av avisa. Tittelen denne gongen var *Når alt kjem til alt, blir ingen ting borte*.

Svein Gjerdåker er redaktør og dagleg leiar. Ola Mestad er styreleiar i selskapet.

## *DET NORSKE SAMLAGET*

*www.samlaget.no*

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget.

Forlaget gav i 2008 ut 193 nye titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og lærebøker til grunnskole, vidaregåande skole og høgare utdanning. 2008 vart også eit svært godt år for forlaget. Driftsinntektene med tilskot vart 108,2 Mkr. ein nedgang på 6,3 %. Førebels årsresultat etter skatt vart eit overskot på 9,0 Mkr. - ei betring på 9,3% i høve fjoråret. Og det er skoleboksalet og skjønnlitteraturen som utmerkar seg særs positivt. Til saman fekk Samlagets forfattarar 29 litterære prisar i inn- og utland. Forlaget selde 35 bokrettar til utlandet i 2008.

Det Norske Samlaget er majoritetseigar i ein nystarta internettbokhandel Bokdykk.no. Bokhandelen profilerer særleg nynorske bøker, men skaffar alle norske bøker som er tilgjengeleg gjennom Den Norske Bokdatabase. Blåmann Barnebokklubb har samarbeidd med nynorskorganisasjonane, skolar og bibliotek om medlemsverving. Bokklubben er no gjort om til ein digital bokklubb som ei underavdeling av Bokdykk.no.

I 2006 vart Reform 06 innført og med dette skal det nye læremiddel i alle fag frå 1. til 13. skoleåret. Det Norske Samlaget har gjeve ut nye læreverk i ei rekkje fag. Forlaget har i 2008 starta opp ein eigen digital seksjon og satsar no meir på digitale læringsressursar på nettet.

Arbeidet med å produsere internettartiklar om nynorsk kulturhistorie er godt i gang i samarbeid med Nynorsk kultursentrum etter at vi fekk statstilskot til prosjektet "1001 tekstar". I august 2008 etablerte laga Allkunne as til å gjennomføre prosjektet.

Hovudoppgåva for Litteraturselskapet er å leggje tilhøva til rette for nynorsk bokutgjeving. Selskapet gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet var 2 523 i 2008 mot 2 089 året før. Forlaget gjev også ut Bymålslagets tidsskrift Maal og Minne.

Leiar i styret for forlaget var Siri Hatlen og for Litteraturselskapet Sigve Gramstad. Forlagsdirektør Tove Lie er dagleg leiar.




## *DET NORSKE TEATRET*

*www.detnorsketeatret.no*

Det Norske Teatret spela i 2008 i alt 984 framsyningar. Samla tilskodartal for 2008 var 175 064 Tilskotet frå staten til teaterdrifta var ca. 121 mill. kroner. Magnus Rindal er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef. Nina Lorentzen var direktør til 1.8. og Astrid Driva Rødsand frå 1.8.




***JUNGELBOKA*** *Adil gjorde stor suksess som Mowgli ved Det Norske Teatret. (Foto: Marius E. Hauge, DNT)*

# *FOLKEKULTURFORBUNDET*

*www.folkekultur.no*

Folkekulturforbundet (FOLK) er studieforbund for Noregs Mållag og 25 andre frivillige organisasjonar. FOLK skal ivareta medlemsorganisasjonane og deira lokallag med omsyn til utvikling, tilrettelegging og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringstilbod. FOLK er opptekne av - og ønskjer å ta eit ansvar for - opplæring i folkekulturfaga.

FOLK ser på opplæring i vid forstand - frå eit lite, enkelt kurs til fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar - til formell kompetanse og vekttal. For FOLK er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Opplæringa skjer i aktive læringsfellesskap, og er med på å skape sosialt trygge og trivelege rammer rundt læringssituasjonen. Dette er viktig for å leggje til rette for god læring, og for å vere inkluderande og open. Læring er knytt til handling, og skjer gjerne ved vevstolen, på teaterscenen, i båten og i dansesalen.

FOLK er ein stor kursarrangør, i 2008 gjennomførte medlemsorganisasjonane 92.732 kurstimar med 28.065 deltakarar på 3.211 kurs. Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre - og organisasjonar vi har samarbeidsavtale med.

I fleire av handverksfaga arbeider FOLK for å sikre vegen til formell kompetanse, med spesiell vekt på opplæring fram mot å ta fagbrev. Dette er små fag, og tilgangen på offentleg utdanning er forsvinnande liten. FOLK kan rettleie kandidatar som ønskjer å ta fagbrev, samarbeider aktivt med fagopplæringa og deltek i ulike prosjekt som arbeider med fagutdanning.

FOLK driv også høgare utdanning i samarbeid med ulike høgskolar og universitet.

## KRINGKASTINGSRINGEN

*www.kringkastingsringen.no*

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. Sidan 1955 har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føre ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg.

Kringkastingsringen arbeider også for å påverke styresmaktene til å leggje forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2008 har vi:

- Arbeidd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn.
- Møtt kringkastingssjefen for å drøfte spørsmåla kring barne- og ungdomsprogram og dei nye språkreglane i NRK og hatt to oppfølgingsmøte med barne- og ungdomsavdelinga.
- Møtt på open høyring i Stortinget om Allmennkringkastingsplakaten og språkmeldinga *Mål og meining*
- Fått gjennomslag i språkmeldinga og statsbudsjettet for Vinjefondet, eit fond for å stø opp under nynorsk journalistikk.
- Gjeve ut tre nummer av meldingsbladet Kringom, der vi tek opp aktuelle mediepolitiske spørsmål.
- Delt ut Kringkastingsprisen til Trude Teige.
- Skipa til seminar om barnefjernsyn på Dei nynorske mediedagane i oktober.

Håvard B. Øvregård er styreleiar og Tarjei Vågstøl er tilsett som dagleg leiar.

## LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR (LNK)

*www.lnk.no*

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 117 medlemer; av desse er 102 kommunar og fylkeskommunar.

LNK skal arbeide for å utvikle nynorsk bruksspråk innafor alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med nynorsk og IKT, nynorsk for barn og unge og det å vise samanhengar mellom språk, identitet, kultur og kommunal utvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester i kommunane.

LNK tilbyr nynorskkurs og kurs i klårt språk for saksbehandlarar i kommunar og i statsadministrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile landet. Kursa er kvalitetssikra av og vert haldne i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Gjennom eit formalisert samarbeid med næringslivet og kommunale organisasjonar freistar LNK å påverke leverandørar av varer og tenester til det offentlege til å sjå samanhengar mellom eigen økonomi og det å ta kundane på alvor - også språkleg.

Organisasjonen gjer ut LNK-avisa seks gonger i året og driv nettstaden www.lnk.no.

Elles arbeider Landssamanslutninga av nynorskkommunar nært saman med Noregs Mållag og dei andre nynorskorganisasjonane gjennom Nynorsk Forum.

Jan Magne Dahle er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

## MAGASINETT

*www.magasinett.no*

Stiftinga Magasinett har ansvar for nettidsskriftet Magasinett. I 2008 har Magasinett motteke tilskot frå Kunnskapsdepartementet, Norsk Kulturråd og LNK.

Tidsskriftet blir redigert på nynorsk og blir oppdatert to til fire gonger i veka. 20 forfattarar, journalistar og skribentar har bidrege på Magasinett i 2008, og redaksjonen har no ei god blanding av folk som har vore med lenge og nyare krefter.

I 2008 arrangerte vi to skrivekonkurransar for ungdom mellom 14 og 19 år. Som samarbeidspartnarar hadde vi stiftinga Fritt Ord og Nasjonalt Garborgsenter. Det kom inn om lag 150 bidrag til dei to skrivekonkurransane. I løpet av 2007/08 har vi fått utarbeidd ei lærarrettleiing i samarbeid med Nynorsksenteret. Rettleiinga vart send til alle vidaregåande skular hausten 2008. Nettstaden oppstod dessutan i ny drakt våren 2008. Magasinett har hatt jamt aukande besøkstal heile året.

Dagleg drift: Toyni Tobekk er redaktør, Norsk Plan as har ansvar for rekneskap, kontor og administrasjon.

## NOREGS UNGDOMSLAG

*www.ungdomslag.no*

Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.

Noregs Ungdomslag har mange kurs og møtestader, som Folkekulturfestivalen, Norsk Amatørteaterfestival, sommarkursa, fagseminar og Noregs Ungdomsring. Sentralleddet forvaltar fleire støtteordningar, driv fagleg utvikling, yter sørvis til lag med ungdomshus, arbeider for å synleggjere organisasjonen og jobbar aktivt for å påverke politisk.

I ungdomslaget kan du delta i ei rekkje ulike aktivitetar, der amatørteater, dans, bunad- og handverksarbeid,

musikk og ungdomsklubbar er dei største. Over 300 ungdomslag er eigar eller medeigar i eit lokalt ungdomshus.

Noregs Ungdomslag er tufta på verdiane frilynd, tradisjonar, generasjonar, rusfri samværskultur, samfunnsengasjement og nyskapande.

## NORSK BARNEBLAD

*www.norsk-barneblad.no*

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år.

I 2008 fekk bladet ny bladbunad. Eit spennande samarbeid mellom studentar ved Norges Kreative fagskole og redaksjonen i Norsk Barneblad.

Ordskifte der lesarane sjølve får skrive inn og diskutere, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Bladet har også eiga heimeside på Internett, www.norsk-barneblad.no

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk skrive for barn og av til av barn.

Opplaget er kring 3500 og stigande for første gong på mange år. I tillegg til bladdrifta lagar også Norsk Barneblad eigne barnesider som blir selde til aviser over heile landet.

Styreleiar er Vidar Lund, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum.

## NORSKE LAGSBRUK

*www.lagsbruk.no*

Norske Lagsbruk er samarbeids- og tenesteorganisasjonen for forretningsverksemd og lagshus/ungdomshus i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag og skal gje fagleg, økonomisk og juridisk rådgjeving til landslaga, lagsbruka og lag med hus, m.a. gjennom huskurs, husbesøk, nettside og formidling av fagkonsulentar, faginstansar og rådgjevarar.

Norske Lagsbruk har dobbeltjubileum i 2009. Lagsbruksnemnda (for lagsbruk i NU og NM) vart skipa i 1949. I 1979 endra til Lagsbrukssamskipnaden. 60 år i teneste for organisasjonseigde kulturbygg i rørsla.

NL er medlem av NSRM Norsk senter for rusfri miljøutvikling og NOK Nettverk for organisasjonseigde kulturbygg. NL driv prosjektet "Trygg og rusfri samlingsstad for ungdom" i samarbeid med LASS (Landslaget for alkoholfrie serverings- og samlingsstader). For å vere direktemedlem i NL må ein drive alkoholfritt. NL får drifts- og prosjektstøtte frå Helsedirektoratet.

NL har kontorfellesskap med Actis – samarbeidsorganet for rusfeltet, i Torggata 1 og har to tilsette: Dagleg leiar Anders Slaatsveen og seniorrådgjevar Nils Seland (50%). Styreleiar er Hallvard Julseth. Styret i Norske Lagsbruk er òg styre for Lagsbruksfondet.

## NYNORSK KULTURSENTRUM

*www.aasentunet.no*

2008 blei eit år med sterk vekst for Nynorsk kultursentrum og med større aktivitet på alle område enn nokon gong før.

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Visjonen vår er: *Nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst*. Måla våre er å gjere det lettare å vere nynorskbrukar, styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og å skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

Ivar Aasen-tunet i Ørsta – nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det eldste personmuseet i landet

Dei Nynorske Festspela – ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen, arrangert sidan 1992

Nettstadene aasentunet.no, tunkatten.no og garborgnett.no

Styreleiar i 2008 var direktør Oddvar Haugland, direktør var Ottar Grepstad. I 2008 hadde vi tilsette i 11 faste stillingar og arbeidsavtalar med 30 personar i engasjement og prosjektarbeid.

I 2008 investerte vi for meir enn 3,1 mill. kr i bygningar og anlegg. Ny utescene blei opna av H.K.H. Kronprins Haakon 30.4. Same dagen planta han ny tunbjørk, ein genetisk kopi av Storebjørka. Med dette kom juvelen på plass i det smykket Ivar Aasen-tunet er. Sverre Fehn og Ivar Aasen-tunet blei i 2008 tildelt A.C. Houens fonds diplom for framifrå arkitektur. Denne fremste utmerkinga for arkitektur i Noreg gav institusjonen eit nytt løft.

Omsetninga auka med 10 % til 13,3 mill. kr. Vi er det vi gjer, men i 2008 ville vi for mykje. Alle prioriterte prosjekt blei gjennomførte, men nokre av desse kosta meir enn vi hadde rekna med. Resultatet blei eit underskot på 231 000 kr.

Vi hadde 33 % fleire gjester på arrangement og utstillingar enn året før, i alt 22 300. Vi hadde også 33 % fleire unike nettstadbrukarar, i alt 286 000. Og vi hadde 39 % fleire gjester på tilboda våre for barn og skuleelevar enn året før, meir enn 6400. Tre av ti gjester var barn og unge;

berre i regi av Den kulturelle skulesekken gjennomførte vi 180 framsyningar.

Det samla kulturprogrammet gav mange kunstnarlege og faglege høgdepunkt. Særleg styrkte vi tilbodet til barn i form av tunkatten Lurivars nettstad med Tunkattens songbok. Den blei ein suksess frå første stund, og inneheld ved årsskiftet 49 barnesongar. Av dei var heile 20 nyskrivne.

Det språkfaglege arbeidet nådde vidare ut i 2008 enn før. Vi publiserte vel 1000 nye tekstdokument på nettstadene, og publikum kunne dermed velje mellom 8150 dokument. Tilsette publiserte i 2008 47 artiklar, skrifter og foredrag. Ottar Grepstad heldt den 8. årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur: "Språk i barnehøgd". Arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og eit allment digitalt leksikon på nynorsk, heldt fram. Frå august blei prosjektet overført til Allkunne AS, eit nytt dotterselskap eigd av Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum. 16 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. ÅmliAvisa v/redaktør Inger Stavelin fekk prisen *Årets nynorskbrukar 2008*.

I 2008 laga vi to nye temautstillingar, og som alltid var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. 10 temautstillingar blei viste på 21 stader i landet.

Dei nynorske festspela omsette for 1,6 mill. kr, men kom også i 2008 ut med underskot, 41 000 kr. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var Festspela svært vellukka, med vel 6200 gjester og 190 utøvarar på 61 arrangement. Utanom Festspela stod vi for 58 opne kulturarrangement i 2008. Over 500 utøvarar var involverte i kulturprogrammet, halvparten på opningsdagen for utescena.

